



Aurland kommune

Økonomiplan/ budsjett 2020 Vedteke KS 12.12.19

2020 - 2023



Foto: Bjørn Andresen

Innhold

Rådmannen sine kommentarar	2
Plasseringar i Kommunebarometeret 2010-2019	4
Utfordringsbilete 2020-2023/2032	6
Klima og miljø	6
Universell utforming	7
Folkehelse	7
Næringsliv	11
Bustad og tomter	14
Tenesteyting	15
Aurland kommune som organisasjon	16
Plansystemet og dei økonomiske samanhengane	18
Ny kommunelov	18
Kommunen sitt plan- og budsjettssystem	19
Økonomiplan 2020-2023	21
Økonomiske rammeføresetnader	21
Statsbudsjettet 2020	21
Eigedomsskatt kraftverk 2020	25
Folketalsutviklinga	26
Overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling	28
Utvikling av fond og framskriving av langsiktig gjeld	28
Likviditetsvurdering	31
Premieavvik - utvikling	32
Drift	33
Oversikt drift	33
Verknader av regjeringa sitt forslag til statsbudsjett	33
Tiltak i økonomiplan 2020 - 2023	34
Sal av konsesjonskraft	34
Brukarbetalingar	34
Sentraladministrasjonen – uendra ramme	34
Kultur – uendra ramme	35
Barnevern – reduksjon i ramma	35
Skular og SFO – reduksjon i ramma	35
Barnehagane – auke i ramma	36
Helse og førebygging – auke i ramma	36
NAV – reduksjon i ramma	37
Pleie og omsorg – uendra ramme	37
Bu- og miljøteneste – auke i ramma	38
Teknisk drift – uendra ramme	38
Investeringsprogram 2020-2023	39
Prioriterte investeringar - skjemaoversikt	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Kommunale sjølvkostgebyr – budsjett 2020	47
Budsjett konsesjonsavgiftsfondet 2020	48
Budsjettskjema 1A - drift	49
Budsjettskjema 1B (Driftsoversikt)	49
Budsjettskjema 2A - investering	50
Budsjettskjema 2B - investeringar 2020	50

Rådmannen sine kommentarar

Hovudmålet for Aurland kommune er å legge til rette for eit naturleg bustadval, eit mangfaldig næringsliv, heilårs arbeidsplassar, gode fritidstilbod, trygge oppvekstvilkår og god tenesteyting.

Den økonomiske dimensjonen av berekraftig utvikling handlar om å sikre økonomisk tryggleik for menneskjer og samfunn. Økonomisk tryggleik fordrar ein ressursfordeling som trygger tilgang til offentlege tenester, som helse og utdanning, og ein ressursbruk som er berekraftig.

Økonomi i kommunal forstand har to hovuddimensjonar:

- Sørge for eit stabilt og føreseieleg inntektsgrunnlag for tenesteproduksjon
- Sørge for at ressursane blir prioritert for optimal velferdsmessig måloppnåing og ein effektiv berekraftig bruk av ressursane

I åra framover er det forventa noko lågare inntektsvekst enn i dei åra me har bak oss.

Stabilitet og føreseielegheit er vesentlege faktorar i ein kommune sin relasjon til sine innbyggjarar. Uforutsette hendingar oppstår og anna utvikling enn forutsatt skjer; inntektene kan bli lågare enn forutsatt og utgiftene høgare.

For rådmannen er det viktig å sikre at me over tid har ein økonomi som evnar å ta opp i seg slike utslag utan at det går ut over det eksisterande tilbodet.

Eitt av svara på dette er derfor at rådmannen i sitt budsjettforslag har tilrådd etablering av fire forskjellige finansielle handlingsreglar. Disse fire tiltaka bidrar til stabilitet og føreseielegheit, og at me kan handtere uforutsette hendingar på inntekts- eller utgiftssida. Dette gjeld og på dei ulike tenesteområda.

Det er kommunen og rådmannen sitt ansvar å sørge for ein heilskapleg og langsiktig økonomiforvaltning. Den nye kommunelova seier at "kommuner skal forvalte sin økonomi slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid". For å oppnå dette fastset den nye lova at kommunane skal vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi (§ 14-2, punkt c). Det er opp til kommunen sjølv å vedta kva måltal den skal ha og kva nivå måltala skal være på.

Kommunen sine nøkkeltal viser at dei bør styrkast i planperioden. Rådmannen er bekymra for kommunen sin gjeldsutviklinga, og fondsavsetningane bør aukast. Det skapast heller ikkje overskot i drifta som kan brukast til investeringar. Dette bør betrast i planperioden.

Kommunestyret skal handsama mandat for organisasjonsutviklingsarbeidet dei næraste åra, og vil der fastsette dei økonomiske måltala for arbeidet. Organisasjonsutviklingsarbeidet blir viktig for å betre kommunen sitt handlingsrom, og for å møte nye behov for tenester i framtida.

Aurlandssamfunnet har med si samansetting eit godt grunnlag til å bygge framtida med ei heilskapleg utvikling. Utfordringa er å forvalte denne heilskapen fram i tid og å forsterke dei ledda som blir utfordra av utanforståande drivarar, som til dømes klima- og miljøutfordringar.

Analyser av Aurland viser at det er mykje som er bra og mange næringsaktørar gjer det godt. Sysselsetting pr. næring viser at nokre næringar som td. besøksnæringa har ein sterk posisjon og vekst i kommunen. Utfordringa for å kunne ta i vare ei lågast mogleg sårbarheit er å sikre ein større arbeidsplassvariasjon, samstundes som det må leggest til rette for ei framleis utvikling av dei næringane som no er i vekst i kommunen.

Dei seinare åra har samferdslestrukturen og ferdslēmønstra i og kring Aurland endra seg vesentleg. I Nye Vestland fylke vil meir av makta bli flytta i retning Bergen, og utviklinga på

aksen Bergen - Aurland er god. Det vil med dette vera naturleg for Aurland kommune å vurdera om det kan vera tenleg å knyte sterkare band på aksa Bergen – Aurland, og med dette gjera val om kva retning kommunen skal prioritera sitt samarbeid fram i tid. Utgangspunktet må alltid vera å sjå kva kommunen sine innbyggjarar og næringslivet vil vera mest tent med.

Klimaendringar er ein av dei store trugslane i vår tid, og det er stort engasjement rundt klima og miljøspørsmål både globalt, nasjonalt og lokalt. Klima er særskilt nemnd i plan- og bygningsloven, og kommunen er soleis forplikta til å ta klimaomsyn i sin planlegging. Det blir viktig framover å legge til rette for auka verdiskaping og næringsutvikling, og innovasjon og vekst i nye og grønne næringar. I dette arbeidet har kommunane ei sentral rolle som utviklingsaktør og planmyndigheit. Plastforureining i havet, skred, flaum utslepp av miljøgifter, luftkvalitet mv. er døme på klima- og miljøutfordringar som verkar inn på innbyggjarar og gjester i kommunen. Aurland kommune må difor i handlingsplanperioden styrke arbeidet med å møte både nasjonale og lokale miljøutfordringar.

Viktige prioriteringar budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023 er:

- Bygging av ny barnehage startar opp i 2020. Det er venta fleire barn i alder 0-5. Dei kommunale barnehagebygga er ikkje tilfredsstillande, og har ikkje kapasitet til å møte nye og framtidige kvalitetar til moderne barnehagebygg. Barnehagedrifta til kommunen er blant dei 25. dyraste i landet å drive. I tillegg er det vanskeleg å rekruttere pedagogar. Det skal planleggast for dei neste 20 åra.
- Opparbeiding Ty bustadfelt skal fullførast i perioden
- Turveg Heggviki – Bøen er tatt med i investeringsplanen for 2020 – 2022. Dersom tiltaket skal realiserast, er det naudsynt at prosjektet må finansierast utan bruk av lånemidlar. Det er meldt inn stor interesse for denne turvegen frå både næringsliv og innbyggjarar. Det vil vere eit godt tryggingstiltak for mjuke trafikantar.
- Investeringar innan vatn og avløp - klimatilpassa
- Besøksforvaltning. Vurdere å innføre ordning med reisemålsbidrag og betalingsparkering for å finansiere fellesgoder/kommunal infrastruktur.
- Revisjon av samfunnsdel og arealdel av kommuneplanen
- Gjennomgang av kommunen si oppfølging av klima og miljøspørsmål.
- Det skal arbeidast organisatorisk endringsprosjekt Fase 2 – Internt prosjekt med mål om å bli meir effektive og samstundes levere gode tenester. Vurderingane skal innehalde tenestnivå og oppgåver, leiarstruktur og samhandling. Økonomisk effekt bør vere om lag 10 mill. kroner innan 2022.
- Frivillegmelding bør prioriterast
- Skule og SFO følgjer den demografiske utviklinga, og tar ned drifta med ytterlegare 2 årsverk innan 2021. SFO-vedtekter bør endrast, og ny sak vil bli fremja i 2020.
- «På tvers» - prosjekt for betre samordning av tenester til barn og unge
- Bu- og omsorgssenter for psykisk sjuke med behov for langvarige kommunale tenester. Prosjekt i regi av Lærdal kommune
- Det er tilrådd å starte opp investeringar ved helsetunet i neste planperiode. Analysar av brukarbehova tilseier at det ikkje er naudsynt å byrje før. Dette er og i samsvar med demografiutviklinga. Det er heller ikkje kapasitet til å byrje før, og gjeldgraden vil bli alt for høg, då store delar må finansierast med låneopptak.

Rådmannen har med dette gitt sine tilrådingar. Det er kommunestyret som vedtek kommunen sine mål og rammer for planperioden. Eventuelle endringar må ha realistisk inndekning.

Aurland, 13. november 2019
Rådmann

Plasseringar i Kommunebarometeret 2010-2019

Dette er plasseringane slik dei faktisk blei rapportert dei ulike åra. Serien kan ikkje samanliknast over tid, fordi innhaldet i barometeret har og endra seg over tid.

Utvikling over tid (sammenliknbar serie)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Nøkkeltallene alene				109	79	167	283	88	99	81
Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger				297	292	358	384	302	309	331
Grunnskole				108	48	31	178	46	16	45
Pleie og omsorg	213	306	246	155	40	218	112	141	159	82
Barnevern					212	383	347	148	277	262
Barnehage						212	399	209	304	331
Helse	1	37	180	18	57	120	206	129	180	64
Sosial					350					
Kultur	13	6	9	10	12	10	17	13	6	10
Miljø og ressurser		6	2	7	43	18	163	287	262	279
Saksbehandling	65	7	164	136	98	102		170	61	150
Vann og avløp	293	37	172	141	45	75	69	157	11	271
Økonomi				99	26	45	47	50	138	48
Kostnadsnivå					1	1	407	408	404	410
Nøkkeltall i bruk i barometeret	47	69	110	116	127	123	126	141	152	151
Antall kommuner rangert totalt	429	429	429	429	428	428	428	426	423	422

Denne tabellen er mest relevant for dei siste fem åra.

Hovudanalyse 2019

Aurland endar på ein 331. plass i Kommunebarometeret 2019 frå Kommunal Rapport. Då er plasseringa korrigert med omsyn til økonomiske rammeføretnader.

Nøkkeltala er litt svakare enn kva dei økonomiske føresetnadane burde føre til. Samla sett er nøkkeltala til Aurland kommune klart betre enn normalen i Kommune-Norge.

Tal lærarar som fyller kompetansekrava i norsk, engelsk og matematikk har auka dei siste åra. 78% av norsklærarane, 69% av matematikklærarane og 57% av engelsklærarane har kompetansekrava i 2018. Ein del lærarar i barneskulen som underviser i norsk, engelsk og matematikk manglar fordjuping i følgje statestikken. Dei beste kommunane ligg på 97%. På ungdomsskulen fyller dei fleste lærarane i matematikk, engelsk og norsk i Aurland kommune dei nye krava til fordjuping.

Av dei som bur på sjukeheim, har 81,6% omfattande pleiebehov landet sett under eitt i 2018. Talet aukar klart over tid. Det indikerer at innsatsen framleis blir dreia mot heimebasert omsorg, og at ein må vere meir pleietrengande enn tidlegare for å få sjukeheimplass. I Aurland er det 71% som er i denne kategorien.

Det er vurdert at nasjonalt er det fire av fem over 80 år på sjukeheim som har ein grad av demens. Tal skjerma plassar for demente på sjukeheim nasjonalt ligg på om lag halvparten av dette nivået. Snittet i 2018 ligg på 39,7%. I Aurland kommune tilsvara tal

plassar i skjerma eining for demente 47% av talet over 80 som faktisk bur på sjukeheim. Denne dekningsgraden er noko høgare no enn for eitt år sidan.

Frå 2020 vil kommunane få ei lovpålagd plikt å ha dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens. Mange kommunar har dette for ein større eller mindre del av målgruppa. Berre 155 kommunar har rapportert tal for dette til Helsedirektoratet. Aurland kommune gir dette tilbodet.

Nasjonalt har tal saker i barnevernet som tar meir enn 3 månader å handsame gått litt ned. Tal saker i Aurland kommune som tar meir enn 3 månader å handsame er middels.

Bemanninga i dei kommunale barnehagane i Aurland er god målt opp mot dei fleste andre. Som regel er tal tilsette lågare jo større kommunane er.

Tal barn med minoritetsbakgrunn som går i barnehage fortset å auke nasjonalt. Snittet er no 82,8%. Det er det høgaste talet som er målt. I Aurland går 80% av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage. Det er midt på treet målt opp mot resten av landet.

I årets kommunebarometer er det tre nøkkeltal for utslepp av klimagassar. Tala viser at utsleppa i alle kategoriar har gått tydeleg tilbake dei seinare åra. Aurland slepp ut 15729 kilo klimagassar per innbyggjar (målt i CO₂-ekvivalenter). Kommunen sitt utslepp er ein god del over gjennomsnittet for landet. I Aurland har og utsleppa gått opp dei siste åra, og skuldast stor aktivitet reiselivsnæringa (transport og sjøfart) Det forventast ein reduksjon i utslepp i samband med nye miljøkrav i sjøfart i verdsarvfjordane. Likevel er ikkje denne reduksjonen stor nok for å nå nasjonale mål om utslepp.

Klima og miljø

- Følgje opp nasjonale krav
- Sette ambisjonar
- Naturfarar viktig (klimatilpassing)
- Med i klimatilpassingsnettverk
- EMSA
- Følgje opp luftkvalitet
- Følgje opp miljøspørsmål

Gjennom Paris-avtalen har Norge forplikta seg til å utarbeide nasjonale utsleppsmål, som vidare skal oppdaterast og strammast inn kvart femte år. Norge har nedfelt i klimaloven at målet for 2030 skal vere at utslepp av klimagassar vert reduserte med minst 40 prosent frå referanseåret 1990. Målet for 2050 er at Norge skal bli eit lågutsleppssamfunn, der klimagassutslepp vert reduserte med 80-95 prosent. For å greie dette skal Norge delta i EU sitt kvotesystem, men må likevel gjere utsleppskutt internt i ikkje-kvotepiktig sektor: klimagassutslepp frå transport, landbruk, oppvarming i bygg, avfall og bruk av fluorhaldige gassar.

I 2018 kom det oppdaterte statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, som òg gjeld i kommunane. I planretningslinjene kjem det fram at det skal utarbeidast ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar og at arbeidet med klimatilpassing skal sikre at kommunar unngår eller avgrensar risiko, sårbarheit og ulemper og drar nytte av eventuelle fordelar som følge av endringar i klimaet.

I fylgje tal frå 2017 er det i Aurland utslepp frå vegtrafikken som utgjer den største utsleppskjelda (49%), der personbilar utgjer 59% av utsleppet frå vegtrafikken, og resten kjem frå bussar, varebilar og tungtransport. Den nest største utsleppskjelda er sjøfart. Dette går utifrå nye tal for klimagassutslepp utgreidd av Miljødirektoratet. Desse tala går ikkje lenger tilbake enn 2009, noko som gjer at det kan vere ei utfordring å setje mål i høve til referanseåret 1990. Om me skal stole på tala frå 1990 som er lagt fram i «Kommunedelplan for energi og klima Aurland kommune 2011-2020», vil kommunen for å følgje opp nasjonale mål måtte redusere klimagassutslepp med 60% frå 2017-tal innan 2030.

Kommunen har òg utfordringar knytt til naturfarar. Det er både fare for ras, flaum, stormflod og flodbølge. Klimaendringar kan auke risikoen for desse hendingane, og klimatilpassing og beredskap er difor prioriterte område i kommunen. Kommunen har blitt med i KS sitt kommunenettnettverk om klimatilpassing, og vil med dette auke si forståing for arbeid med klimatilpassing som kommune, både i planverk og til dømes i formidling til innbyggjarar.

Forprosjekt energi- og miljøratts Aurland (EMSA) har gått frå november 2017 til sommaren 2019. Forprosjektet greia ut moglegheitene for biogass- og hydrogenproduksjon i Aurland. Det har blitt konkludert med at det vil vere tenleg med biogassproduksjon i kombinasjon med reinsing av avlaupsvatnet i Flåm for å produsere energi og hindre utslepp av næringsstoff til verdsarvfjorden, på lik linje med utsleppskrav til båtar sett av Sjøfartsdirektoratet frå 2019. Dette kan gjerast til eit reiselivskonsept der avlaupsvatn blir reinsa i ein «reinsehage» som eit visningscenter eller som ein del av ein større attraksjon. Kommunen har vedtatt vidareføring av konseptutgreiing, men treng tilleggsstøtte frå næringslivet for å ta det vidare.

Sommaren 2019 vart det starta opp målingar av luftkvaliteten i Flåm. Det er samtidig utvikla ein nasjonal varslingsmodell for luftkvalitet, kalla «Luftkvalitet i Norge». Saman utgjer dette eit svært godt grunnlag for å halde oversikten over luftkvaliteten i kommunen frå 2019. I

sommarsesongen er det målt enkelttimar med moderat luftkvalitet frå nitrogendioksid og svoveldioksid, noko som kan forverre symptoma til risikogrupper, som personar med luftvegsproblem. Det er venta at talet på timar med dette vil gå ned med strengare miljøkrav til cruiseskip som blir innført frå og med 2020.


I tillegg til lokal luftreining, er kommunen er ureiningsmynde for mellom anna avlaup, avfall og ureining i landbruket. Kommunen har òg ansvar for forvaltning av lokale vassdrag. Kommunen har delvis samarbeidd med Sogn vassregion om denne forvaltninga, men har gjort eigne utgreiingar og undersøkingar av vassdrag. Det har ikkje blitt prioritert tilsyn av avlaupsanlegg i spreidd busetnad, og det er difor ikkje god oversikt over kva påverknad desse har på vassdraga i kommunen. Den store sesongvariasjonen med store besøkstal om sommaren gjer at kommunale avlaupsanlegg må dimensjonerast høgare enn det folketalet tilseier, men anlegga kan likevel vere underdimensjonerte for belastninga toppsesongen bidrar med, slik at nasjonale krav ikkje nødvendigvis blir overheldt. I Gudvangen er det spesielt ei utfordring, der det er fleire toalettanlegg som tilfører organisk materiale til Nærøyfjorden, som ikkje er eigna til å ta imot dette. Kommunen skal byggje eit nytt anlegg i Gudvangen tidleg 2020, der alle toalettanlegga skal koplust på.

Universell utforming

Det er eit nasjonalt mål at Noreg skal vere universelt utforma innan 2025. Universell utforming er og ein del av den nasjonale strategien for å tilpasse seg ei aldrande befolkning. For å nå dei nasjonale måla krev det innsats både lokalt og nasjonalt. Ulike lovverk sikrar krav til universell utforming i samband med nybygg og rehabilitering av bygg. Universell utforming handlar om mykje meir enn tilrettelegging av bygg. For å nå målsettinga om å gje alle like mogelegheiter set dette i tillegg krav til utforming av uteområde. Aurland kommune har ikkje utarbeidd ein plan for universell utforming. Ein slik plan vil kunne vere eit godt verktøy både for å fastsette lokale mål og ambisjonar og for å prioritere konkrete tiltak. Ein god plass å starte er å gjennomføre ei kartlegging. Administrasjonen deltek i KS sitt nettverk for universell utforming. Dette er eit fagnettverk.

Folkehelse

Kommunane har sidan lov om folkehelse med forskrifter vart gjeldande frå 01.01.2012 hatt ansvar for folkehelsearbeid og vore pålagd å ha oversikt over helsetilstanden i kommunen. God helse er ein av dei viktigaste føresetnadane for ei god folkehelse. God folkehelse er eit resultat av god og medviten samfunnsutvikling, og omvendt, god samfunnsutvikling er eit resultat av god og medviten folkehelseutvikling. Det er mange faktorar som spelar inn, både positive og negative. Omgrepet "helsetilstand" i denne samanheng femner om mange andre tema enn berre dei som i utgangspunktet er helserelatert. Figuren nedanfor illustrerer på ein god måte heilskapen som må vere i folkehelsearbeidet.



Ulike påvirkningsfaktorer for helse. Kilde: Dahlgren & Whitehead, 1991.

Folkehelseutfordringane i kommunen skal ligge til grunn for planlegginga i kommunen.

Nedanfor er statistikk for utvalde faktorar som påverkar folkehelsa i Aurland illustrert med fargekodar. På fleire område er det små talgrunnlag som ligg til grunn for statistikken. Informasjon som ligg til grunn er henta frå ulike kjelder. Det kan difor førekomme at ein kan finne ulik informasjon om same forholdet når ein samanliknar ulike informasjonssider.

Fargekodar som vert nytta i denne delen.

Tilfredsstillande/Positiv utvikling
Ikkje sikker informasjon om utvikling og konsekvensar
Ikkje tilfredsstillande/negativ utvikling
Ikkje relevant/manglar informasjon og eller kunnskap.

Helseoversikta, som er under arbeid, vil gje ei meir fullstendig oversikt over faktorarar som påverkar folkehelsa.

Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Tabellen nedanfor syner fargekodar på ein del område knytt til fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø. Ein del av resultatane er henta frå Ungdata undersøkinga som vart gjort i 2017. Respondentane i Ungdata er elevar i ungdomsskolen.?? Utviklinga frå førre Ungdata undersøking i xx er ...

Friluft og naturområde
Fysisk miljø – aktivitets og grøntområde, bustadområde og sentrumsområde
Omfang av smittsame sjukdomar samla
Tularemie - harepest
Borreliose – Flått

Vaksinering
Drikkevasskvalitet
Radon og radonrelatert sjukdom
Ureining
Aktivitet i fritidsklubb – Ung data 2017
Nøgd med lokalmiljøet – Ung data
Plaga av einsemd – Ung data 2017
Tydeleg rusa ein eller fleire gonger siste året –Ung data 2017
Teke med varer utan å betale minst ein gong siste året – Ung data 2017
Slåsskamp minst ein gong siste året (utan våpen) – Ung data 2017

Skadar og ulykker

I tabellen nedanfor er fargekodar nytta for tema knytt til skadar og ulykker. Når det gjeld ulykker er det erfaringsbaserte tall. Det er ikkje tilgjengeleg statistikk for t.d. ulykker på Rallarvegen. Tal ulykker knytt til naturbasert reiseliv og friluftsliv og trafikkulykker på E16 blir opplevd som høgt. Når vi ser på statistikken så ligg Aurland høgt i høve til lårhalsbrot og personskadar behandla på sjukehus. Når det gjeld personskadar på sjukehus vil ulykker i samband med friluftsliv og E16 vere ein del av dette.

Personskadar behandla på sjukehus
Lårhalsbrot i aldersgruppa 67+
Ferdsle i naturen
Sykkeluhell spesielt Rallarvegen

Helserelatert åtferd

Når det gjeld røyking så syner screening av gravide og Ungdata at røyking er mindre vanleg no enn før. Resultat for Aurland er gode når det gjeld snusing og.

Dagleg røyking - gravide og ungdom
Snusing
Områder for fysisk aktivitet
Kvardagsaktivitet
Fysisk aktivitet – skule

Fysisk aktivitet og dagleg fysisk aktivitet er viktig for folkehelsa. Statistikk henta frå... syner at innbyggjarane i Aurland...

Helsetilstand

Fedme og overvekt er dokumentert ved sesjon og indikatoren er basert på svært få individ, men indikerer generelt at overvekt og fedme kan vere eit problem i Aurland. Statistikk på bruk av sovemidlar og beroligande syner lågare bruk enn elles i landet og fylket. Dette kan vere ein indikator på generelt god psykisk helse. Når det gjeld fysisk helse og ein del sjukdomar er det relativt høg førekomst i Aurland. Dette gjeld mellom anna kreft blant menn, tarmkreft begge kjønn og KOLS. Statistikken syner og at det er høge dødstal blant menn under 74 år. Det har vore omtala i media at forventta levealder for menn i Aurland er vesentleg lågare enn i Lærdal kommune. Talmateriale på alle desse områda er små og det må ein ta omsyn til.

Fedme og overvekt
Tjukk og endetarmskreft
Kols – innlegging spesialhelsetenesta
Hoftebrot

Død menn 0 – 74 alle årsaker
Kreft – menn
Psykiske symptom og lidningar – brukarar av primærhelsetenesta
Legemiddelbruk samla – psykisk helse
Sovemidler og beroligende midler
Hjerte og karsjukdomar
Muskel og skjelett

Befolkning

Befolkningsveksten har vore positiv i fleire år, men er likevel ganske låg. Auken i folketal er i hovudsak på grunn av innvandring og innflytting. Innvandring har positiv innverknad på folketal, men utfordrar samstundes kommunen til å tenkje nytt på andre samfunnsområde.

Aurland kommune har ein del tilflytting, men vi opplever at mange flyttar vidare. Å få fleire innflyttarar til å bli verande kan gje større for folketalsvekst på sikt.

Netto fødselsoverskot er frå lågt positivt til negativt og vil ikkje kunne skape befolkningsvekst åleine.

Aldersfordeling i befolkninga er i endring, og delen av befolkninga som er mellom 67 og 79 år er stigande. Delen av befolkninga mellom 20 og 44 år er stabil på kort sikt, og balansen i befolkninga mellom menn og kvinner er ikkje urovekkjande når ein er befolkninga under eit. I aldersgruppa 20 – 44 år er det pr. 01.01.16 er det nokre færre kvinner enn menn. I aldersgruppa 0 – 19 år er det nokre fleire kvinner enn menn.

9
Netto fødselsoverskot
Aldersfordeling
Innvandring

Levekår

Inntekt og økonomi er ein grunnleggande helsefaktor og forskning syner at skilnader i økonomi og inntekt er ein av dei viktigaste faktorane for sosiale helseskilnader.

Prosentdelen born 0 - 17 år i hushald med låg inntekt har vore lågare i Aurland enn landet elles, men dette har endra seg. Aurland ligg no om lag likt med landet elles.

Median inntekt går opp, men over tid ikkje like mykje som landet og fylket. Median inntekt for hushald i Aurland er lågare enn fylket og landet. Brutto inntekt i Aurland kommune er i snitt lågare samanlikna med fylket og landet. Inntektsgruppa som tenar mest aukar mest, og det vert færre i inntektsgruppa som tenar minst. Blant dei med lågast inntekt vil det vere vanskeleg å få lpn til kjøp av einebustad. Utviklinga er at det er ein større andel som leiger bustad no enn før.

Inntekt vil vere avgjerande for i kor stor grad ein kan delta i aktivitetar som kostar noko, kva koshald som vert prioritert, ferie og fritidsaktivitetar med meir. Forsking viser at inntekt og økonomi påverkar helse til folk i stadig større grad, og skilnadane er aukande.

Barnefattigdom og vedvarande låginntekt er omgrep som også er aktuelle i vår kommune.


Prosentdelen born av einslege forsørgjarar er lågare i Aurland, enn i landet elles.

Prosentdel born 0 – 17 år i låginntekthushaldningar
Median inntekt hushaldningar
Prosentdelen born av einslege forsørgjarar

I høve til oppvekst og levekår er trivsel viktig. Statistikk frå skular og barnhagar blir ofte nytta som mål på dette. Både når det gjeld trivselskartlegging for 7. og 10. klasstrinn og meistring i lesing og skriving i 5.klasse er talgrunnlaga små slik at ikkje alle resultat vert oppgjeve offentleg statistikk. Utviklingsmeldinga for barnehagar og skular som vert presentert for kommunestyret kvar år har meir resultat frå kartleggingar grunnskulane.

Sysseisseting

Sysseissetjingsgrad. Prosent.




Kjelde: <https://statistikk.fylkesatlas.no>

Sysseissetjingsgraden i Aurland er middels i høve til fylket. Dette gjev fargekode gul i tabellen. Det er låg arbeidsløyse i Aurland. Det er mangel på arbeidskraft i einkilde verksemdar. Det er relativt stor pendling i kommunen. Dette gjeld både utpendling og innpendling. Tidlegare har det vore større utpendling enn innpendling. Pendlinga no er meir i balanse. Sjukefråværet er lågt i Aurland og peikar vidare nedover.

Arbeidsledige begge kjønn 15 – 29 år
Pendlingsbalanse
Sjukefråvær begge kjønn
Sysseisseting

Næringsliv

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune har i samarbeid fått utarbeidd sårbarheitsindeks for kommunane i fylket (Sogn og Fjordane fylkeskommune 15. august 2019). Rapporten vurderer moglege trugslar knytt til næringslivet og rangerer kommunane i ein indeks frå mest til minst sårbare. I denne oversikta kjem Aurland ut som ein av dei minst sårbare kommunane.



Kjelde: SÅRBARHEITSINDEKS FOR NÆRINGSLIVET SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND 2019

I tillegg til sårbarheit er det sett på samfunnstrekk som kan forklare forskjellane mellom kommunane, og som difor er av betydning for framtidig sårbarheit i næringslivet.

Naturbaserte næringer

Næringane er sårbare grunna venta rasjonalisering og tendens til aukande internasjonal konkurranse ved nedbygging av handelsbarrierar (omstillingsmodulen, Panda). Klimaendringar kan også spele inn. Eksempelvis er temperaturen venta å auke, havet vert varmare, økosystema forandrast, skogen brer seg i høgda, i tillegg til auka fare for skred, stormflo og kraftig nedbør som kan føre til regnflaum (Norsk Klimaservicesenter «Klimaprofil Sogn og Fjordane» og «Klimaprofil Hordaland» 2017). Dette kan påverke tilhøva og kostnader for fleire naturbaserte næringer.

Gjennomsnittleg del sysselsette i naturbaserte næringer i ein kommune var om lag 10 prosent på landsbasis i 2017. Aurland har 8 % og ligg litt under middels med tilsette i desse næringane. Variabelen syner del sysselsette i kommunen som arbeider i naturbaserte

næringar. Det gjeld sysselsette i Pandanæringar 1-4 og 6-9 i 2017. Sjå; Tabell - Næringsinndeling.

Offentlege arbeidsplassar

Offentlege arbeidsplassar bidreg til å gjere den regionale arbeidsmarknaden meir attraktiv og robust gjennom tilførsel av høg kompetanse og breidde, i tillegg til rekrutteringsmoglegheiter for privat sektor. Erfaringsmessig ser vi til dømes at sysselsetjingsvekst i offentlig og privat sektor går hand i hand i bu- og arbeidsmarknadsregionar (NOU 2011:3, 95). Ein stor del sysselsette i offentlig sektor har generell kompetanse frå formell utdanning, noko som sannsynlegvis gjer det lettare å finne nytt arbeid i ein eventuell omstillingsprosess (NOU 2011:03, 115). På den andre sida kan nokre offentlege arbeidsplassar vere utsett for rasjonalisering og nedbygging, andre for sentralisering. Generelt bidreg offentlege arbeidsplassar til å skape stabile arbeidsmarknader, lite følsame for konjunkturelle endringar og dei krev i stor grad nærleik til brukarane. Dersom del sysselsette i offentlig sektor avvik mykje frå gjennomsnittet nasjonalt, kan det vere ein mogleg trugsel for næringslivet i kommunen.

Gjennomsnittleg del sysselsette i offentlig sektor i kommunane i Noreg er tilnærma 35% Aurland ligg på om lag 33%, og ligg med dette tett opp til gjennomsnittet for kommunane i Norge.

Einsidigheit i næringsstruktur i privat sektor

Konsentrasjonsindeks - indikerer om ein kommune er avhengig av ein eller eit fåtal næringar innan privat sektor (omstillingsmodulen, Panda). Dette kan også gjelde sterk avhengigheit til hjørnesteinsbedrifter. Jo større spreinga er over fleire næringar, jo meir robust er næringslivet i kommunen (Bruvoll, Espelien og Dombu 2018, 6).

Konkurransetsette bransjar dominerer typisk i kommunar med betydeleg grad av einssidig næringsstruktur, noko som gjer næringslivet meir sårbart. Større nedbemanning, nedlegging eller konkurs, gjerne som følgje av konjunkturelle endringar, kan få store konsekvensar for kommunen (Bruvoll, Espelien og Dombu 2018, 6). Likevel er lokal spesialisering viktig for å vere konkurransedyktige internasjonalt. I tillegg har den største veksten av kompetansearbeidsplassar i seinare år, vore i privat sektor (NOU 2011:03, 45).

Målingar med høg verdi indikerer at kommunen er avhengig av eit fåtal næringar i privat sektor.

Aurland sin verdi er 0,09, og kommunen har mindre einssidig næringsstruktur i privat sektor enn gjennomsnittet nasjonalt (0,1). Til samanlikning i Nye Vestland har Bergen og Måløy lågast verdi (0,05) medan Leikanger og Årdal har 0,17. Sogndal har 0,09 (likt som Aurland), og Vik har 0,07. Målingane gjeld sysselsette i Panda-næringar 1-48 i 2017. Sjå; Tabell - Næringsinndeling.

Sysselsette per næring. Absolutte tal

■ Aurland 2018



Kjelde: <https://statistikk.fylkesatlas.no>

Utviklinga har vore at sysselsetting i privat sektor har gått oppover dei seinare åra, medan sysselsetting i offentleg sektor har gått ned. Flest personar sysselsett i helse og sosial relaterte yrker, deretter kjem overnatting og servering.

Konkurransesutsette næringar

Næringane opererer i marknader der det primært konkurrerast på pris og er sårbare grunna rasjonalisering, mogleg utflytting og nedlegging som følgje av høgt kostnadsnivå i Noreg (omstillingsmodulen, Panda). Kombinasjonen av høg del sysselsette i konkurranseutsette næringar og samstundes ein-sidedig næringsstruktur i ein kommune, kan gjere næringslivet i kommunen spesielt sårbart. Vidare har ein stor del av dei sysselsette i konkurranseutsette næringar, dømesvis innan industri, ein ein-sidedig og verksemdspesifikk kompetanse. Dette kan potensielt skape utfordringar for den enkelte ved ein eventuell omstillingsprosess (NOU 2011:03, 115).

Om ein stor del av arbeidsstokken fell ut grunna industrinedbemanning, og ikkje kjem seg i anna arbeid, aukar del trygdemottakarar. Erfaringsmessig har dette uheldige smitteeffektar – trygding avlar trygding (NOU 2011:03, 81).

Om vi ser på alle kommunane i Noreg, finn vi at gjennomsnittleg del sysselsette i konkurranseutsette næringar er 8 prosent (2017). Om lag halvparten av kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland har ein høgare del sysselsette i desse næringane. Årdal (45 prosent) skil seg spesielt ut, også på landsbasis. Lågast del sysselsette i dei aktuelle næringane finn vi i Fjaler, Masfjorden, Sund, Ulvik, Jølster, Leikanger og Modalen (1 prosent). Aurland, Sogndal og Førde har 2 prosent, og Bergen har 3 prosent.

Bustad og tomter

Aurland kommune har dette året gjennomført ei omfattande bustadkartlegging i aldersgruppene 18 – 39 og 60 – 75. Kartlegginga har samanheng med utarbeiding av bustadpolitisk handlingsplan. Utfordringar på bustadmarknaden i Aurland er ikkje noko nytt, men årsakene til det kan vere meir samansett no enn tidlegare.

Ifølge folketalsframskrivinga vil Aurland kommune ha ei positiv folketalsauke fram mot 2040. Den aldersgruppa som vil ha størst prosentvis auke er dei mellom 80-89 år, mens aldersgruppa 20-44 år vil framleis vere den største sjølv om framskrivinga viser ein nedgang i folketallet på 10 % i denne gruppa. Potensialet for høgare befolkningsvekst kan likevel vere høgare enn det som kjem fram av statistikken grunna høgare arbeidsinnvandring dersom næringslivet har nok bustadar til sine tilsette. Resultata frå innbyggjarundersøkinga viser at fleirtalet ønskjer å bu i Aurland, mens dei som reknar med å ikkje verte buande i kommunen opplysar at mangel på bustad er hovudgrunnen til dette. I tillegg er høge bustadprisar og mangel på tilgjengeleg bustad der innbyggjarane ønskjer å bu den største utfordringa til dei som ønskjer seg ny bustad i kommunen.

Det er eit klart overtal av einebustadar i kommunen og dette er den føretrekte bustadtypen hos dei yngre innbyggjarane. Ein tredjedel av dei eldre som svara på innbyggjarundersøkinga ønskjer derimot å bu i leilegheit. Samstundes som at det er mange einebustadar i kommunen, er det òg mange som bur der aleine eller saman med ein til person. Innbyggjarane bur med andre ord romsleg. Bustadbygginga har gått i rykk og napp dei siste åra, men ifølge statistikken skal bustadbehovet vere dekkja med ei utbyggingstakt på ti bustadar i året. Denne statistikken tek derimot ikkje med behovet til næringslivet som representerer eit betydeleg behov med opp til hundre einingar for 2017. Den lukka marknaden tyder heller ikkje på at bustadbehovet vert møtt, det ligg til dømes svært få bustadar til sals og ingen til leige på finn.no. Det er òg svært vanskeleg for innflyttarane å finne seg ein stad å bu.

To særskilte problemstillingar for kommunen er den store naturfaren og andelen av bustadar som vert leigd ut via nettoperatørar som Airbnb og HomeAway. Det er avgrensa moglegheit til framtidig utbyggingsføremål grunna naturfare i kommunen. Areal som er eigna for utbygging er i stor grad samanfallande med innmark i aktiv drift.

Etterspurnaden etter bustadar både for kjøp og leige er større enn det som er tilgjengeleg i marknaden. Dette er eit reelt hinder for menneske som allereie er i, og ynskjer å etablere seg i kommunen, men kan og vere eit hinder for tilflytting.

Prisnivå på brukte bustadar har utvikla seg slik at det av mange vert oppfatta som negativt. Unge i etableringsfasen har vanskeleg for å få innpass i bustadmarknaden på grunn av prisnivå, krav til kapital og ynskt bustadkategori.

Det kan synast som at ein større del av befolkinga samanlikna med fylket og landet leiger bustad.

Kommunale utleigebustader

Kommunen har etter lov om sosiale tenester i NAV eit ansvar for bustader til vanskelegstilte. Vanskelegstilte på bustadmarknaden er ei samansett gruppe med personar i ulik alder som av ulike årsaker har vanskar med å skaffe seg eigen bustad.

Gjennomsnittsalderen på dei kommunale bustadane er 1986. Den eldste bygningen er frå ca 1900 (Gamle Vangen skule), mens dei nyaste er frå 2017 (Furuly og Ohnstad). Seks av bustadane vert tildelt av teknisk, åtte av NAV, fire av Flyktingtenesta og fire av Helse. Dei resterande 34 bustadane, inkludert bueiningane på Aurland Helsetun, vert tildelt av pleie og omsorg og bu- og miljøteneste.

Tenesteyting

Denne delen handlar om kommunal tenesteyting og forvaltningsoppgåvene som kommunen har. Utfordringsbiletet blir mellom anna påverka av:

- nasjonale føringar og forventningar
- lokale føringar i kommuneplanen sin handlingsdel og økonomiplan
- konsekvensar for einingane

Barn og unge

Nasjonalt er det vedteke bemanningsnormer som er førande for skular og barnehagar. Det er strengare kompetansekrav til lærarar som skal undervise i grunnskulane.

Kompetansestrategi for barnevernstenesta. Lokalt er det fokus på tidleg innsats, samarbeid på tvers og deltaking i tenestestøtteprogrammet for barnevernstenester i regi av fylkesmannen.

Helse og omsorg

Innan eldreomsorga er det i statsbudsjettet 2020 føreslått finansieringsordningar for heildøgns plassar og lokale kjøkken. For å kunne yte forsvarlege teneste til stadig fleire eldre vil kommunane måtte rekruttere mange fleire i denne sektoren. Vi må i tillegg endre måten vi yter tenester på. Lokalt fokus på kompetanseutvikling, rehabilitering/kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Det er teke eit initiativ til å utgreie meir interkommunalt samarbeid om legetenester. Helsestasjonen er sentral i satsinga på tverrfagleg innsats retta mot barn og unge.

Kommunal forvaltning, tekniske tenester og beredskap

Nasjonale forventningar til heilskapleg og berekraftig utvikling legg føringar for kommunen sin innsats på fleire område. Sikre forsvarleg vassforsyning og lokale klimatilpassingstiltak er naturlege fokusområde

Aurland kommune som organisasjon

Tema som er omtala i denne delen er digitalisering, medarbeidarar og HR

Digitalisering

I eit brev til kommunane datert 19.12.18 skriv kommunal og moderniseringsdepartementet at formålet med digitaliseringspolitikken er å oppnå forenkling og effektivisering i offentleg sektor, gje betre tenester til innbyggjarane, fremje innovasjon og verdiskaping i næringslivet og utvikle eit berekraftig og inkluderande velferdssamfunn. Statleg digitaliseringspolitikk er forankra i stortingsmelding 27 (2015-2016) «Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet». Statlege tiltak som har betydning for kommunane er

- Digifin – finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i kommunal sektor
- Digital postkasse
- IS-posten
- eSignering
- Altinn
- Nytt folkeregister
- Bruk av IT-standardar
- Elektronisk postjournal og elnnsyn
- Digihjelpen
- Digitalisering i kommunal helse- og omsorgsteneste
- Kommune- og regionreform i digital kontekst
- Sikker og framtidssretta breibandsstruktur
- Digitaliseringskrav i statlege verksemdar kan vere relevante for kommunal sektor

Aurland kommune har jobba med ein felles digitaliseringsstrategi med Årdal og Lærdal i 2019. Den er forventa handsama i desember 2019.

Ei utfordring er at Aurland kommunen er liten, og at ÅLA samarbeidet og blir smått i dette perspektivet. Det er store krav til ein oppdatert, robust og stabil plattform for alle faglege system.

Det er store nasjonale forventningar til digitalisering i kommunane, og kva ein skal oppnå av gevinst og effektivisering.

Aurland kommune er avhengig av leverandørar som leverer gode system med gode moglegheiter for integrasjon, dialog og samspel mellom forskjellige plattformer og partar.

Lokalt i kommunen framover:

- Effektivisere gjennom interne prosessar.
- Utvikling av digital dialog mellom heim og skule/barnehage.
- Velferdsteknologi
- Endre/utvikle nye måtar å arbeide på.

Endringsprosjekt og organisasjonsutvikling

-fase 1 - organisering av arbeidet og oppgåveløysing – i første del av organisasjonsutviklingsprosjektet har det vore fokus på organisering stab og støtte og oppgåveløysing. Det er i tillegg peika på at det er behov for å sjå på oppgåvefordelinga mellom sentraladministrasjonen og einingane.

-fase 2 - innsparingspotensiale – i høve til landsnittet så var samla meirforbruket på tenesteområda i 2014 rekna til 68,4 millionar (Telemarksforsking, 2016). Etter å ha teke omsyn til eit høgare utgiftebehov på om lag 18% var meirforbruket 59,2 millionar. Dette utgjorde 21,4% av brutto driftsinntekter i Aurland i 2014. Det er grunn til å tru at det framleis er eit stort innsparingspotensiale på kommunal tenesteproduksjon. I fase 2 av organisasjonsutviklingsprosjektet vil rådmann tilrå at det blir sett konkrete mål for effektivisering og innsparing i tenesteproduksjon. I dette kan det setjast konkrete mål for dei ulike tenesteområda eller generelle krav til innsparing/effektivisering.

Medarbeidarar/HR

-kompetanse/rekruttering – kompetanseutvikling i jobben, fokus på rekruttering – rekrutteringsstrategi, heiltidskultur, trivsel og arbeidsmiljø, GDPR

-små fagmiljø – på kva område er fagmiljøa små og sårbare? Personal/HR, byggesak, kart og oppmåling, barnevern, legetenester, spesialiserte tenester innanfor omsorg, innkjøpstenester, IKT-plattform

-medarbeidarutvikling – gjeldande arbeidsgjevarstrategi frå 2013. I arbeid med ny arbeidsgjevarstrategi kan teori og verktøya for medarbeidarutvikling i 10-faktor innarbeidast.

Plansystemet og dei økonomiske samanhengane

Budsjett og økonomiplan skal utarbeidast i samsvar med lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven), med tilhøyrande forskrift om kommunale og fylkeskommunale budsjett og rekneskap.

Ny kommunelov

Ny formålsparagraf:

«Loven skal legge til rette for at kommuner og fylkeskommuner kan yte tjenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne. Loven skal også legge til rette for kommunenes og fylkeskommunenes utøvelse av offentlig myndighet. Videre skal loven bidra til at kommuner og fylkeskommuner er effektive, tillitskapende og bærekraftige.»

Nye krav til økonomistyring:

§ 14-1. Grunnleggende krav til økonomiforvaltningen

Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.

Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.

Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.

Ny kommunelov § 14-1 stiller krav til handlingsregel. Dette skal kommune vedtakast i i budsjett og økonomiplan

Handlingsregelen bør minimum ta for seg desse storleikane:


- Fondsreservar
- Likviditet
- langsiktig gjeld

Storleik, avsetnad og bruk av disposisjonsfondet gjennom året er dei viktigaste indikatorane på den økonomiske situasjonen til kommunen. Dette må koplatt opp mot driftsvolumet, netto driftsresultat, lånegjeld og investeringar.

Hovudregelen er at kommunar med avgrensa økonomisk handlefridom blir kjenneteikna ved at dei har:

- Korrigert netto lånegjeld på over 75 prosent av inntektene
- Netto driftsresultat etter avsetning til bunde fond på under 1 prosent av inntektene
- Disposisjonsfond der det er tatt omsyn til rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på under 5 prosent av inntektene

Kommunen sitt plan- og budsjettssystem



Budsjett og økonomiplan må sjåast i samanheng med kommuneplanen sitt handlingsprogram. I desse dokumenta blir kommunen sin økonomiske status skildra saman med utvikling og andre forhold som påverkar kommunen sin situasjon.

Kommunane har sjølv ansvaret for god økonomistyring. Kommunar med sunn økonomi og eit handlingsrom vil kunne møte innstrammingar eller uføresette hendingar ved å redusere driftsresultatet eller bruke tidlegare avsetningar, utan at det får direkte konsekvens for tenestenivået.

Kommunar utan handlingsrom må gå rett på kutt i tenester dersom dei ikkje har tilstrekkelege fondsreservar.

Økonomiplanen tar utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekte mål. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men må planleggast, gjennomførast, evaluerast og følgjast opp over tid. Samtidig må det planleggast for at tiltak som blir vedteke i årsbudsjettet ikkje underminerer den økonomiske balanse på lengre sikt. Difor er ein gjennomarbeida og oppdatert økonomiplan vel så viktig som eit godt årsbudsjett.


Planlegging ut over årsbudsjettet er ein føresetnad for god økonomistyring. Gjennom god økonomiplanlegging skal kommunen sørgje for at avgrensa ressursar blir brukt så effektivt som mogeleg. Risikoen ved manglande langsiktig planlegging er at kommunen mister kontrollen over økonomien og hamner i ubalanse. Då er vegen til upopulære kutt i tenestetilbodet kort. Kommunen er avhengig av å vere i forkant av utfordringar og endringar for å halde på handlingsrommet. Økonomiplanen skal gi retning for utvikling av kommunen sine tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i den komande fireårsperioden. Ressursbruken må vere innfor dei økonomiske rammene kommunen står overfor. God økonomiplanlegging betyr difor god oversikt over dei økonomiske og demografiske forhold

m.m. som påverkar kommunen, og at økonomiplanen blir basert på reelle prioriteringar i kommunestyret.

Økonomiplanen er primært eit styringsreiskap som skal sikre økonomisk styring i eit lengre perspektiv for kommunen. Kravet er fire år, men større investeringar mv bør sjåast i eit lengre perspektiv.

Økonomiplanlegginga skal bidra til at prioriteringsdiskusjonen bygger på eit realistisk grunnlag som reflekterer kva som faktisk er mogeleg å oppnå i kommunen, samtidig med at kommunen sikrar økonomisk balanse og eit grunnlag for å yte eit godt tenestetilbod over tid. For å bidra til ei felles forståing av kommunen sin økonomiske situasjon er det ei rekke ulike type spørsmål som ein bør gjennomgå, til dømes:

- Er kommunen sin økonomi i balanse?
- Kva for statlege føringar kan forventast?
- Korleis vil renteutviklinga påverke kommunen?
- Korleis vil innbyggjarutviklinga i kommunen utvikle seg i åra som kjem?
- Kva for delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forventa auka etterspurnad?
- Kva for delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forventa redusert etterspurnad?
- På kva for område vil kostnadane auke i framtida dersom me ikkje tar grep i dag?
- Kva for alternativ har kommunen for å dekke dei identifiserte framtidige behova?
- Kvar ligg utryggleiken/risikoane, og korleis handterer kommunen dei?



I Aurland kommune vil det vere naudsynt å prioritere monaleg strengare kva ressursane skal nyttast til. Det vil vere viktig å kartlegge tenestene m.o.t figuren ovanfor. Vere tydleg på det som er kjerneoppgåver, lovpålagte primæraktivitetar og statlege krav, og meir målretta på kva som er kommunen sine hovudutfordringar.

Dette vil vere sentrale vurderingar i endringsprosjekt fase 2

Økonomiplan 2020-2023

Økonomiplanen tar utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke ressursane sine for å nå vedtekne mål. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eitt år, men må planleggast, gjennomførast, evaluerast og følgjast opp over tid.

Det er eit krav etter kommunelova at kommunen kvart år vedtek ein økonomiplan med finansieringa i balanse.

Økonomiplanen skal gi retning for kommunen sin ressursbruk i den komande fire-årsperioden. Ressursbruken må vere innanfor dei økonomiske rammene kommunen står overfor. Kommunen sine rammevilkår ligg til grunn for inntektene i økonomiplanen. Kommunestyret sine prioriteringar ligg til grunn for disponeringane i økonomiplanen.

I tillegg til å fastsette målsettingar for økonomiske nøkkelområder, skal økonomiplanen fastsette prognosar for driftsinntekter, rammer for driftsutgifter i planperioden og ein plan for investeringar i planperioden. Investeringsplanen skal synleggjere både prioritering, finansiering og konsekvensar for drift.

Økonomidelen er inndelt i fire delar:

1. Økonomiske rammeføresetnader
2. Målsettingar for nøkkelområde
3. Driftsutgifter
4. Investeringar

Økonomiske rammeføresetnader

Kommunen sine inntekter avhenger av

- Skatt på inntekt og formue for personar
- Eigedomsskatt på verk og bruk, primært eigedomsskatt på kraftverk
- Naturressursskatt
- Konesjonsavgift
- Andre statlege overføringar (tilskot m.m.)
- Utbyte frå ulike selskap

Statsbudsjettet 2020

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2019 til 2020 med 2,1 prosent. På-rekna skatteinntekter i 2020 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,0 prosent) og lønsvekst (3,6 prosent).

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir justert frå 11,55 prosent i 2019 til 11,10 prosent i 2020.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane – kommunal deflator – er i framlegget 3,1 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

-	Lønsvekst	3,6	prosent
-	Varer og tenester	2,2	prosent
-	Samla prisvekst	3,1	prosent

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2019 til 2020 med 1,3 mrd. Heile veksten går til primærkommunane. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna meirskatt etter dette, kr 4,2 mrd., er med andre ord ikkje med i samanlikningsgrunnlaget frå i år.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2019 til 2020 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Pårekna meirutgifter for primærkommunane i 2020 knytte til den demografiske utviklinga er kr 1,3 mrd. , for tenester som må bli finansierte av dei frie inntektene.

Det er rekna med at pensjonskostnadene vil gå ned med om lag kr 450 mill. for kommunesektoren i 2020. Også dette er i 2019-kroner. Det er stor uvisse knytt til overslaget. Det kan bli fordelt med om lag 90 prosent på primærkommunane og om lag 10 prosent på fylkeskommunane.

For primærkommunane er pårekna vekst i frie inntekter på same nivå som den delen av pårekna meirutgifter til demografi som må bli finansierte av dei frie inntektene, kr 1,3 mrd. Lågare pensjons-kostnader frigjer midlar til andre satsingar.

Det er lagt til grunn at veksten i dei frie inntektene i 2020 skal gi rom for å styrka tidleg innsats i skulen (kr 400 mill.) og opptrapping av satsinga på rusomsorg (kr 150 mill.).

Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – for Aurland kommune

I berekning av skatteprognose for 2020 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskapan 2018 for alle kommunane, uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2018. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justera for lokale tilhøve i budsjetteringa av skatt for 2020.

Veksten i frie inntekter vil variera mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg
- endringar i skattegrunnlaget

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne saman-hengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigerte for dette i vedlagt tabell, slik at kompensasjon i denne samanheng ikkje inngår i prosentveksten.

Dette vil også omfatta innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet. Det er dessutan også teke omsyn til grensejusteringar i berekninga av vekst.

AURLAND	InngangA1	2018	2019	2020	2021	2022	2023
AURLAND	4641						
<i>(år 2020-prisnivå i perioden 2021-2023)</i>					PROGNOSE		
1000 kr		2018	2019	2020	2021	2022	2023
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)		42 517	43 786	44 423	44 354	44 335	44 315
Utgiftsutjevningen		12 984	13 528	14 673	14 663	14 660	14 657
Overgangsordning - INGAR		1 137	553	-95	-	-	-
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbavg)		207	243	671	746	821	897
Overgangsordning - kommuner som skal slås sammen		-	-	-	-	-	-
Korreksjon forsøksordninger barnevern og omsorgstjenester		-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker		-	-	-	-	-	-
Nord-Norge-tilskudd/Namdalsstilskudd		-	-	-	-	-	-
Storbytilskudd		-	-	-	-	-	-
Småkommunetillegg		-	-	-	-	-	-
Sør-Norge tilskudd (kommuner med over 3 200 innb)		-	-	-	-	-	-
Regionsentertilskudd		-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd		-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn		-	-	-	-	-	-
Skjønn fra KRD - komp. bortfall veksttilskudd kommunesammenslåing		-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn KMD inkl. ufrivillig alene kommuner, infrastruktur, retaksering prod.utsyr mv, bortfall eiendomsskatt		236	74				
produksjonsutstyr							
Budsjettvedtak Stortinget - saldering budsjett 2019			-74				
RNB 2019 - endringer i rammetilskudd			21				
Stortinget saldering budsjett 2018		-0					
RNB 2018 og Nysaldering 2018		30					
Sum rammetilsk uten inntektsutj		57 111	58 130	59 671	59 763	59 816	59 869
Netto inntektsutjevning		-19 183	-17 820	-17 780	-17 780	-17 780	-17 780
Sum rammetilskudd		37 928	40 310	41 891	41 983	42 036	42 089
Rammetilskudd - endring i %			6,3	3,9	0,2	0,1	0,1
Skatt på formue og inntekt		85 477	84 414	85 685	85 685	85 685	85 685
Skatteinntekter - endring i %			-1,24	1,51	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)		-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)		123 405	124 700	127 600	127 700	127 700	127 800

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet

Det er framlegg om å innlemma fleire øyremerkte tilskot i rammetilskotet for 2020. Dei største tilskota er :

- tilskot til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene
- tilskot til dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens
- tilskot til etablering og tilpassing av eigen bustad
- tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn

Det sistnemnde tilskotet blir gitt ei særskilt fordeling innafor rammetilskotet i 2020.

Aktuelle saker

Psykologar i kommunane

Frå 1. januar 2020 er det lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse.

Opptappingsplan for rus

Det er opptappingsplan for rus med auka løyvingar til området i perioden 2016–2020. Satsinga har i hovudsak kome ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med satsinga på rus-omsorg.

For 2020 er kr 150 mill. av veksten i dei frie inntektene grunnlagt med satsinga. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektssystemet.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunnlagt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2019 til 2020, med priskompensasjon. For 2020 er

rammetilskotet knytt til føre-målet kr 904,6 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100.000,- per kommune.

Dagtilbod til demente

Kommunane vil frå 1. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens.

Tilskot til frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Totalt kr 200,2 mill. blir gitt med særskilt fordeling i 2020 i rammetilskotet, med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Det blir teke omsyn til etablering og avvikling av frivilligsentralar. Tilskot til frivilligsentralar vil bli fordelt etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet frå og med 2021.

Sjukeskoleplassar og omsorgsbustader

For 2019 gir tilsegnsramma, etter vedtak om utviding i revidert nasjonalbudsjett, grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2400 plassar med heildøgnsomsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeskoleplassar. For 2020 er det framlegg om ei tilsegnsramme som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2000 einingar.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det frå 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som gir netto auke i det samla talet på plassar i kommunen. Halvparten av plassane for 2020 er netto nye og halvparten rehabiliterte.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2020 vil vera basert på direkte løns-utgifter i 2019 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2020:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innskapsnivået.
- Innskapsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,270 mill. til kr 1,361 mill. for netto utgifter i 2019. Det inneber ein auke på kr 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2019 (3,2 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2020 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2019. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapa for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Kompensasjon for endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar

Med verknad frå 1. januar 2018 vart det gjennomført endringar i regelverket for arbeidsavklarings-pengar. I revidert nasjonalbudsjett for 2019 vart kommunane kompenserte for ein auke i pårekna meirutgifter til økonomisk sosialhjelp i 2019 som følgje av endringane. Kompensasjonen vart gitt med ein auke i rammetilskotet på kr 90 mill.

Det er lagt opp til å vidareføra denne kompensasjonen i 2020.

Lærarnorm

Kr 400 mill. av veksten i dei frie inntektene for 2020 er grunnlagt med tidleg innsats i skulen, 1.–10. trinn. Desse midlane blir i 2020 fordelte etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule.

Det er framlegg om å innlemma i rammetilskotet kr 1.316,8 mill. av det øyremerkte tilskotet frå kapittel 226 post 63, som er til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn. Det øyremerkte tilskotet er i 2019 om lag kr 1,7 mrd. for kommunane.

Desse midlane blir i 2020 fordelte særskilt i rammetilskotet, med om lag same fordeling som i 2019 når dei var øyremerkte. Fordelinga mellom kommunane er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Frå 2021 vil midlane bli fordelte etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, det vil seie etter del-kostnadsnøkkelen for grunnskule.

Overføring av ansvaret for skatteinnkrevjing

Det er framlegg om å overføra ansvaret for skatteinnkrevjing frå kommunane til Skatteetaten frå 1. juni 2020. Det er difor lagt opp til å redusera rammetilskotet i 2020 med kr 644,4 mill.

Eigedomsskatt kraftverk 2020


Aurland Kommune	Grunnlagsdata		Grunnlagsdata	
	Pr 13.11.2018		Pr 23.10.2019	
	Grunnlag 2019	Eigedomsskatt	Grunnlag 2020	Eigedomsskat
Eco Aurland 1	3 654 371 641	25 580 601	4 697 976 252	32 885 834
Eco Aurland 2 hf	360 957 000	2 526 699	414 063 000	2 898 441
Eco Aurland 2 lf	140 965 314	986 757	212 681 559	1 488 771
Eco Aurland 3	395 078 975	2 765 553	509 160 771	3 564 125
Eco Aurland 4	85 608 066	599 256	125 796 458	880 575
Eco Aurland 5	27 925 000	195 475	28 272 000	197 904
Statkraft Aurland 1	302 438 177	2 117 067	388 318 737	2 718 231
Statkraft Aurland 2 hf	35 917 000	251 419	43 293 000	303 051
Statkraft Aurland 2 lf	10 227 974	71 596	11 006 244	77 044
Statkraft Aurland 3	41 490 626	290 434	59 623 234	417 363
Statkraft Aurland 4	10 942 948	76 601	18 736 939	131 159
Statkraft Aurland 5	3 338 000	23 366	5 354 000	37 478
Aurland Energiverk	19 745 000	138 215	18 864 000	132 048
Holmen Kraft AS	82 164 784	575 153	88 944 638	622 612
Bane Nor SF (Kjøsfoss)	32 341 000	226 387		-
Sum kraftverk	5 203 511 505	36 424 581	6 622 090 832	46 354 636
Verk og bruk	356 059 857	2 492 419	356 059 857	2 400 000
Sum eigedomsskatt		38 917 000		48 754 636

Aurland kommune vil få om lag 10 mill. kroner meir i eigedomsskatt frå kraftverka i 2020. Dette kompenserer langt på veg reell nedgang i rammeoverføringane frå staten dei to siste åra.

Folketalsutviklinga

Kjelde SSB alternativ MMMM


Til grunn for kommunen sin økonomiplan må det ligge ein folketalsprognose. Ein god prognose for utviklinga i folketalet og dei ulike aldersgruppene er heilt nødvendig for å kunne gi realistiske vurdering av inntekter og utgifter i åra som kjem. Utgangspunktet for å planlegge omfanget og innretninga av tenester i kommunen er avhengig av kva prognosane seier om vekst eller nedgang i folketalet, og korleis folkesamansetninga er forventa å endra seg. Folketalsvekst og folketalsnedgang gir oss ulike utfordringar i den økonomiske planlegginga og må handterast på forskjellig måte, både på driftssida og investeringsida.



Den prognostiserte veksten i kommande femårsperiode vil medføre at det i 2025 er om lag 1800 innbyggjarar i Aurland. Folketalsvekst høgare enn framskrivinga viser, vil vere avhengig av at Aurland har evne til å tiltrekke seg fleire som ønskjer å flytte til kommunen. Dette kan skje ved at bustader blir bygd og at sentrumsnære og attraktive bustadområde blir klargjort. Vidare kan rimelege bustadalternativ vere eit insentiv til auka tilflytting. Evna til å skaffe arbeidsplassar vil vere ein nøkkelfaktor.

Barnehagedekninga i Aurland kommune er særskilt god, og er med på å legge forholda til rette for attraktivitet for unge familiar. Rådmannen tilrår å oppretta ny avdeling ved Vangen barnehage frå tidleg januar. Ny barnehage skal stå klar i 2022.

Framskrivning av eldre folkemengde 2018-2040: Aurland



Befolkninga blir friskare og lever lenger, medan kostnadane knytt til behandlingmoglegheitene med den medisinske utviklinga aukar veldig mykje. Samhandlingsreforma føreset at det er kommunen sitt ansvar å ivareta pleiebehovet i ei slik utvikling. Tenestene til brukargruppa, skal i Aurland kommune primært gjevast gjennom ambulerande heimetenester. I så måte vil det være viktig for kommune å legge til rette for utbygging og utvikling av bustadmasse, slik at eldre kan bu lengst mogeleg heime.

Aurland arbeider med omstillingar i Pleie og omsorg for å kunne møte behova som er venta i desse tenestene. Investeringar er tilrådd å gjere i økonomiplanperiode 2024 – 2027.

Overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling

Før prioritering av ressursane mellom tenesteområda skjer, bør overordna mål og rammer for kommunen sin økonomiske utvikling vere fastsette. Måla og rammene må ta utgangspunkt i vurderingar om Aurland kommune sin faktiske situasjon. Det skal vedtakast lokale målsettingar på desse nøkkelområda:

- Korrigert netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond
- Konesesjonsavgiftsfond

Målområde driftsresultat:

Aurland kommune skal oppnå minimum 2% korrigert netto driftsresultat. Dette vil betre fondsavsetningar og kommunen sitt handlingsrom.

Målområde gjeldsgrad:

Aurland kommune sin gjeldsgrad skal ikkje å overstige 70%.

Målområde disposisjonsfond:

Kommunen sitt disposisjonsfond skal ikkje vere mindre enn 10% av dei totale inntektene. Dette skal nåast i løpet av planperioden.

Målområde konsesjonsavgiftsfondet:

Kommunen skal styrke konsesjonsavgiftsfondet , og det skal ha ein storleik på minimum 20 mill. kroner 31.12. 2023


Utvikling av fond og framskriving av langsiktig gjeld

Kommunen treng god økonomistyring og må legge opp til driftsresultat som sikrar økonomisk handlefridom. Dette inkluderer forsvarleg forvaltning av kommunen sine investeringar i realverdiar knytt til bygg, veg, vatn og avløp.

Netto driftsresultat er eit måltal for storleiken av driftsinntektene som kan nyttast til avsetningar og finansiering av investeringar.

Netto driftsresultat bør korrigerast for netto bundne fondsavsetningar når ein skal sjå på den økonomiske handlefridomen. Gjennom denne korreksjonen får ei tattomsyn til disposisjonar som kommunen er pliktig til å foreta ved levering av rekneskapen, og som i hovudsak gjeld periodiseringar av inntektsføringar som er gjort i rekneskapen.

Det tilrådde gjennomsnittsnivået frå Teknisk berekningsutval for kommunane (TBU), har lagt til grunn at eit korrigert netto driftsresultat på under 1 pst av driftsinntektene gir avgrensa økonomisk handlefridom. Videre at korrigert netto driftsresultat mellom 1 og 2 pst gir moderat økonomisk handlefridom, medan over 2 pst indikerer større grad av økonomisk handlefridom.




Storleik, avsetnad og bruk av disposisjonsfondet gjennom året er dei viktigaste indikatorane på den økonomiske situasjonen til kommunen. Dette må kopløst opp mot driftsvolumet, lånegjeld og investeringar. Målsettinga er eit disposisjonsfond med ein

grunnbeholdning på minimum 10% av kommunen sine inntekter. Dette utgjør mellom 20 og 25 mill. kroner, og er svært viktig for å betre botnlikviditeten til kommunen. (sjå graf likviditetsgrad). Det er og viktig med eit solid fond for å kunne møte uføresette utgifter og omstillingar i åra som kjem.

For 2020 er det budsjettert med ei avsetning på om lag 6,6 millionar kroner til det frie disposisjonsfondet. Dette inkluderer eit solid utbytte frå eigarskap i selskap. Avsetning og bruk av disposisjonsfondet (budsjettert og regulering gjennom året) viser at fondet blir redusert i 2019. Fondsbeholdninga som er oppgitt i diagrammet inkluderer utbytte frå ARU.

Aurland kommune får årleg om lag 16 millionar kroner inn på konsesjonsavgiftsfondet. Desse midlane kan gå til tilskot og lån til bedrifter, nye næringsetableringar, andre næringstiltak i drift, og til kommunale infrastrukturinvesteringar. Auken i 2014 skuldast eit låneopptak på om lag 12 millionar kroner. Låneopptaket skuldast kommunen sin likviditetssituasjon (sjå graf likviditetsgrad 2), og var ikkje planlagt i utgangspunktet. Ekstra innbetaling av avdrag i 2015 førte til ei styrking av fondet. Aurland kommune har som mål å bygge opp fondet til ein basiskapital på minimum 20 millionar kroner.



Utvikling av kommune sin langsiktige gjeld er bekymringsfull. Det er i økonomiplanen gjort framlegg om å auka lånegjelda fram mot 2021 (grøn linje). Dette skuldast i all hovudsak gjennomføring av allereie påbegynt og planlagde tiltak. Lånegjelda pr. innbyggjar vil i løpet av 2021 kome opp i 115.000 kroner.


I følgje 2018 tal (KOSTRA) vil kommune då vere blant dei kommunane med høgast gjeld pr. innbyggjar i Noreg. Til samanlikning har Lærdal kommune i 2018 ei lånegjeld på 135.000 kroner pr. innbyggjar, Luster 69.000 kroner og Årdal 70.000 kroner pr. innbyggjar.

Netto lånegjeld korrigert for ubundne investeringsfond


	Høyere enn 75 pst av driftsinntekter	65 - 75 pst av driftsinntekter	Lavere enn 65 pst av driftsinntekter
2018	223	75	124
2017	207	73	146
2016	201	66	161
2015	187	61	180
2014	165	59	204
2013	147	65	216

Tabell 5 – Netto lånegjeld, sammenstilt av KS basert på tall fra SSB Kostra

Høg korrigert netto lånegjeld på 75 prosent av inntektene. Gjeld mellom 65 og 75 prosent av inntektene blir definert som moderat og under 65 prosent som avgrensa.




Gjeldsgraden til Aurland kommune har vore relativt låg, men viser kraftig auke frå 2016. Slik det ser ut vil gjeldsgraden fortsette å auke fram til 2022. Vedtaket om låneopptak førte til betra likviditetssituasjon i 2014, men vart ei kortvarig løysing. Kraftig låneopptak vil ytterlegare presse drifta til kommunen då renter og avdrag blir ført som utgift i driftsrekneskapen. Skal kommunen nå målet om ikkje å overstige om lag 70% i gjeldsgrad, må det brukast meir eigenkapital i finansieringa av investeringane i perioden, eller at investeringsnivået



blir redusert. Likevel er situasjonen slik at kommunen allereie har gjort ferdig (2019) og påbegynt store investeringar i denne planperioden.

Renteutvikling

Figur 1.1a Styringsrenten med usikkerhetsvifte¹⁾. Prosent. 1. kv. 2013 – 4. kv. 2022²⁾



1) Usikkerhetsviften er basert på historiske erfaringer og stokastiske simuleringer fra vår makroøkonomiske hovedmodell, NEMO. Den tar ikke hensyn til at det eksisterer en nedre grense for renten.
2) Anslag for 3. kv. 2019 – 4. kv. 2022.
Kilde: Norges Bank

Norges Bank legg vekt på at fastlandsøkonomien vaks omlag som forventa og at det ifølge regionalt nettverk har vore god vekst i produksjonen dei siste månadane. Vidare fram forventar bedriftene at veksten blir redusert litt, noko som er i tråd med førre pengepolitiske rapport. Sysselsettinga og arbeidsløysa har

utvikla seg omlag som venta. Det ser ut som det er moderat knappheit på arbeidskraft.

Inflasjonen har utvikla seg moderat sidan i fjor, kjerneinflasjonen KPI-JAE 2,1 % ligg no nær målet på 2,0 %. Det er særleg energiprisane som har dempa veksten i inflasjonen.

Lønsvekst framover ser ut som kan bli lågare enn anslått i førre rapport framlagt i juni.

Kronekursen har svekka seg vidare og utgjør no ein fare for auka prisar på importerte varer og tenester, men vil på den andre sida gi betre kostnadmessig konkurranseevne for norske bedrifter.

Det framleis mykje usikkert knytt til spesielt:

Brexit


Handelskrig USA-Kina

Skulle Storbritannia forlate EU utan avtale og det ikkje kjem ei løysning på handelskrigen i umiddelbar framtid er det stor sannsynlegheit for vidare avmatting i veksten og framleis svak krone.

I sum er det særleg den svake norske krona, framleis bustadprisvekst og gjeldsvekst som er hovudelementa i grunngevinga for ein renteoppgang.

Forventa rentebane dei næraste åra viser at utsiktene og risikobiletet for norsk økonomi ikkje er særleg endra. Kommunen bør ta høgde for noko auke i rentene dei næraste åra.

Likviditetsvurdering



Likviditetsanalysen sitt føremål er å kartlegge kommunen sin evne til å betala sine løpande forpliktingar. Den mest vanlege form for likviditetsanalyse er å rekna ut kommunen sin likviditetsgrad. Det er eit nøkkeltal som kjem fram ved å samanlikne storleiken på kommunen sine omløpsmidlar med storleiken på kommunen sine kortsiktige gjeld.


Kommunen sine mest likvide omløpsmidlar (omsett innan eit kvartal) inneheld:

- Kontantar, bankinnskott
- Kassakreditt
- Kortsiktige aksjar og andre verdipapir
- Kundefordringar
- Andre kortsiktige kundefordringar

Aurland kommune har relativt høge inntekter, men likevel har likviditeten til tider vore svært krevjande. Både inntekter og utgifter i kommunen kjem i ulike periodar. Det er difor viktig å ha ein solid botnlikviditet for å kunne dekke dei daglege betalingsforpliktingane. Det er nødvendigvis ikkje samanheng mellom høge inntekter (omsetnad) og god likviditet. I tillegg vil høg aktivitet innan drift og investeringar påverke kommunen sin likviditetssituasjon.

Likviditetsgrad 2 bør være større enn 1 (>1). Dette er minimum, og det er viktig å være klar over at målingane er statiske som viser likviditetsstatusen på eit gitt tidspunkt. I analysen overfor er tidspunktet pr. 31.12. kvart år. Dei siste åra har kommunen hatt likviditetsutfordringar i løpet av året. Likviditetssituasjonen bør betrast, og likviditetsgraden bør kontrollerast ved jamne mellomrom.

Premieavvik - utvikling



Premieavvik er eit stort akkumulert beløp i balansen, og blir ein stor utgiftspost i kommunen sine rekneskap i løpet av nokre år. Aurland kommune har som mål å snu denne utviklinga.

Drift

Oversikt drift

(Tall i 1000 kr)	Rekn 2018	Årsbudsj	Økonomiplan			
		2019	2020	2021	2022	2023
Skatt på inntekt og formue	85 477	83 400	85 685	85 685	85 685	85 685
Rammetilskot	37 928	40 100	41 891	41 891	41 891	41 891
Eigedomsskatt	44 026	39 000	49 000	48 000	46 000	45 000
Konsesjonsavgift	15 365	16 200	16 200	16 200	16 200	16 200
Integreringstilskot flyktningar	5 811	2 600	1 452	1 032	513	930
Andre statlige overføringer	731	1 200	800	800	800	800
SUM FRIE INNTEKTER	189 338	182 500	195 028	193 608	191 089	190 506
Renteinntekter	862	1 000	1 000	900	800	700
Utbyte	9 521	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000
Renteutgifter	-2 842	-2 700	-3 400	-3 500	-3 700	-3 800
Netto renteutgifter/-inntekter	7 541	6 300	5 600	5 400	5 100	4 900
Mottekne avdrag på lån	241	200	200	200	200	200
Avdragsutgifter	-7 203	-8 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Netto avdragsutgifter	-6 962	-7 800	-9 800	-9 800	-9 800	-9 800
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	579	-1 500	-4 200	-4 400	-4 700	-4 900
TIL FORDELING	189 917	181 000	190 828	189 208	186 389	185 606
Til driftsrammer:						
Politisk leiging	3 069	3 188	2 988	2 988	2 988	2 988
Sentraladministrasjon	8 107	20 034	22 129	22 129	22 129	22 129
Kultur	4 640	4 995	4 995	4 995	4 995	4 995
Aurland Barne og ungdomsskule	19 639	19 429	18 879	18 079	18 079	18 079
Flåm barnehage	3 596	4 560	4 560	4 560	4 560	4 560
Vangen barnehage	5 746	6 310	7 810	7 810	7 310	7 310
Flåm skule	6 083	6 396	6 046	6 046	6 046	6 046
Helse og førebygging	13 315	14 594	15 094	15 094	13 994	13 994
NAV Aurland	1 835	2 314	2 000	2 000	2 000	2 000
Barnevern	3 019	3 203	2 703	2 703	2 703	2 703
Pleie og omsorg	55 114	37 037	37 037	37 037	37 037	37 037
Bu og miljøtenester	0	19 584	21 835	21 084	19 584	19 584
Teknisk	23 766	24 103	24 263	24 103	24 103	24 103
Nøytrale inntekter / utgifter	12 143	1 235	0	0	0	0
Sal av konsesjonskraft	-10 979	-8 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Lønsoppgj. (blir fordelt)	0	0	3 500	3 000	3 500	3 000
Sum fordelt til driftsrammer	149 093	158 982	163 839	161 628	159 028	158 528
Disposisjoner:						
Avsetning til disposisjonsfond	-3 479		-2 637	-3 548	-3 848	-3 148
Avsetning mindreforbruk 2018	-10 689					
Avsetning til kons.fond og bundne fond	-15 891	-16 400	-16 400	-16 500	-16 500	-16 500
Avsetning integreringstilskot flyktningar	-4 865	-2 600	-1 452	-1 032	-513	-930
Avsetning av utbyte	-7 000	-2 858	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Avsetning av utbyte til kapitalfond			-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Bruk av disposisjonsfond	200					
Bruk av tidl. års mindreforbruk	1 060					
Overføring til investering	-160	-160				
Netto disposisjoner	-40 824	-22 018	-26 989	-27 580	-27 361	-27 078
Balanse	0	0	0	0	0	0

Verknader av regjeringa sitt forslag til statsbudsjett

Ved utrekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter i 2019, er det lagt til grunn ein pris- og lønnsvekst i kommunal sektor på 3,1 prosent. Dette byggjer bl.a. på eit lønnsvekstanslag på 3,6 prosent i 2020.

Aurland kommune er veksten i frie midlar på 2,1%. Differansen på kostnadsauken og inntektsauken er på mellom 2 og 3 mill. kroner alt etter kva gebyrnivå kommunen legg seg på i 2020. Differansen må møtast med tiltak i drifta og/eller auke i inntekter kommunen sjølv kan ta avgjerd på.

Ressurskrevjande tenester:

- Auke i innslagspunktet med 50 000 kroner pr. tiltak ut over lønnsvekst
- Uendra kompensasjonsgrad på 80 prosent.
- Sterk vekst i tal mottakarar og utgifter sidan ordninga blei innført i 2004.

Kommunen har ei rekke inntektskjelder; skatt frå inntekt og formue, statlege overføringar, gebyrinntekter, renteinntekter, eigedomsskatt og kraftinntekter mm. Aurland kommune bruker eit verktøy utvikla av KS (prognosemodell) for å fastsette dei forventa inntektene på skatt og rammeoverføring frå staten. Denne modellen blir oppdatert jamleg med ny informasjon om inntektsrammene og folketalsutvikling mm. Rammetilskotet og skatt på inntekt og formue er i oversikten framskrive med om lag 127,5 millionar kroner kvart år i planperioden. Dette er ei auke på 4 mill. kroner frå 2019.

Utbyte frå selskap som Aurland kommune eig, eller er medeigar i, er forventa til 8 mill. kroner kvart år i planperioden. 6,5 mill. kroner av dette er eit avkastningskrav frå ARU og 1,5 mill. kroner av Aurland Energiverk AS. Dette er ei usikker inntekt, og utbyte skal/bør ikkje disponerast til løpande drift.

Auka lånegjeld og auka rente vil utgjere om lag 3 mill. kroner i netto auke for 2020.

Tiltak i økonomiplan 2020 - 2023

Sal av konsesjonskraft

Aurland kommune sel konsesjonskraft til Aurland Energiverk AS med eit påslag på 10 øre pr. kwh. Ein auke i påslaget på 2 øre vil auke inntekta til kommunen med ca 3,5 mill kroner i året. Aurland kommune skal teikne ny avtale med Aurland Energiverk for 2020. Det har vore gjennomført telefonmøte med administrasjonen i Aurland Energiverk. Konklusjonen er at 10 øre påslag samsvarar godt med forventa marknadspris. Auken i påslaget frå 8 til 10 øre vil utgjere om lag 2 mill. kroner i året.

Brukarbetalingar

Gebyra innan vatn og avlaup er rekna til sjølvkost. I tillegg er det vedteke prinsipp om anleggsbidrag i utbyggingssaker (investeringar). Aurland kommune følgjer sjølvkostprinsippet vidare ved å innføre dette på dei tenestene dette er meint for. I tillegg blir andre gebyr og betalingssatsar harmonisert samanlikna med andre kommunar. Gjennomgåande er gebyra auka med 3,1%.

Sentraladministrasjonen – uendra ramme

Ansvar 110 og ansvar 900 er samla i eitt ansvarsområde. Rammene er vidareført. Byggesak er overført frå teknisk til sentraladministrasjonen og oppfølging og vedlikehald av torget er overført frå sentraladministrasjonen til teknisk. Netto ramme for sentraladministrasjonen budsjettåret 2019 er NOK 22 129 000.

Samla utgjør overføringar til andre 8 060 000 og inkluderer mellom anna overføring til privat barnehage, Kyrkjeleg fellesråd og tilskot til næringsutvikling frå konsesjonsavgiftsfondet. Tilskot til kyrkja er auka med 3,1% frå 2019.

Kjøp av tenester frå andre kommunar er avtalefesta utgjør samla kr 975 000. Det er gjort framlegg om at staten tek over skatteoppkrevjaroppgåvene. Det er teke høgde for dette i budsjettet.

Det er budsjettert med 5 stillingar innanfor avdelinga plan, samfunn og næring. Byggesak er overført frå teknisk og ligg til denne avdelinga. Ved avdelinga støtte og digitalisering er det budsjettert med 11,5 stillingar. Budsjettet inneber styrking av IKT-ressursen. I tillegg to stillingar i administrativ leining. Den eine stillinga med halvårsverknad.

Kultur – uendra ramme

Utvikling:

- Kultur på tvers av nasjonalitetar/ integreringsarbeid samarbeid med flyktning tenesta
- Helseoversiktsarbeid
- Digital formidling og informasjon om lokalhistorie

Barnevern – reduksjon i ramma

Ramma er redusert med 500.000 kroner. Dette skuldast grunnlagsendring i form av avslutta tiltak.

Utvikling:

- Nye oppgåver vert overført frå Bufetat 01.01.22.
- Det kjem ny barnevernlov. Det er allereie innført nokre endringar frå 01.07.18, mellom anna at det skal vere ei rettighetslov og at barnets rett til medverknad skal styrkast. Slik lovforslaget ligg per i dag, jmf NOU 2016:16 vil det bli auka fokus på at barnets rett til hjelp er eit felles kommunalt ansvar. Med andre ord vil betre tverrfagleg samhandling bli påkrevd.
- Auka krav til kompetanse, jmf Bufdir sin kompetansestrategi. Det er forventa at barnevernarbeidarar tek relevant vidareutdanning, og at arbeidsgjevar legg til rette for dette.

Skular og SFO – reduksjon i ramma

Det er venta færre elevar i planperioden. Rammeoverføring pr. barn frå staten er om lag 130.000 kroner. Kommunestyret vedtok i 2018 ei planmessig reduksjon i driftsrammene til skulane i kommunen. Rammereduksjonen i 2020 er eit resultat av dette, og med heilårsverknad. Det er planlagt ytterlegare reduksjon i planperioden.

Kostnadsdrivarar i skulen:

- Tal elevar i gruppene, dvs lærartettleik pr elev
- Skulestruktur / tal skular / gjennomsnittleg skulestorleik
- Lærarane sitt lønsnivå, dvs utdanning og ansiennitet
- (forbruksmateriell og inventar)

Reduksjon pedagogisk personale må vurderast opp mot fagdekking ved skulen og i samarbeid med ABU og Flåm skule.

Endring av utvida opningstid SFO.

Ny endring av vedtektene bør vurderast i 2020. Dette må vurderast opp mot dokumentert bruk, og kostnader ved ordninga slik den er i dag. Utvida opningstider er ei ordning går ut over det som er kravet.

Konsekvensar ved endring SFO er vurdert som liten i høve brukarar.

Utviklingsområde/utfordringar komande år og dei næraste åra:

- Innføring av ny læreplan
- Arbeid med psykisk helse hjå barn og unge og inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Digitalisering i skulen - jfr digitaliseringsstrategien frå Kunnskapsdepartementet

- Styrka det tverrfaglege og førebyggjande arbeidet med barn og unge
- Utvikle nytt regionalt samarbeid på region- og fylkesnivå
- Arbeide fram overordna planar på div. område og godt kvalitetssystem på oppvekstområdet
- Oppstart ev. nytt skuleutviklingsprogram i regionen
- Tidleg innsats
- Nasjonalt satsing og nye lovkrav til elevane sitt skulemiljø: Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Regional satsing på System for styrka læring (reducere bruk av spesialundervisning og auke læringsutbytte til elevane)
- Kompetanseutvikling gjennom vidareutdanning og etterutdanning av tilsette
- Norskopplæring for minoritetsspråklege barn og vaksne

Dei største/viktigaste utfordringane i eit lengre perspektiv:

- rekruttering på alle plan
- kompetansekrav i undervisningsstillingar

Barnehagane – auke i ramma

Driftsramma for barnehagane er auka i 2020 for å møte 100% barnehagedekning. I praksis betyr dette at ei ny avdeling blir tilrettelagt frå april 2020. Det er ikkje behov før det. Flåm barnehage har uendra driftsramme.

Utviklingsområde/utfordringar komande år og dei næraste åra:

- ny pedagog norm og bemannings norm.
- god psykisk helse barn og unge
- inkluderande barnehage- og skulemiljø med fokus på førebygging og handtering av mobbing
- tverrfagleg samarbeid barn og unge (prosjekt på tvers)

Dei største/viktigaste utfordringane/utviklingsområda for dei kommunale barnehagane i Aurland dei neste 10-15 åra:

- rekruttering
- regionalt samarbeid og endringar på region- og fylkesnivå
- god psykisk helse hjå barn og unge

Helse og førebygging – auke i ramma

Det er etablert felles kommuneoverlege i ÅLA. Lærdal kommune har vertskapet.

Felles kommunepsykolog i Aurland, Lærdal og Årdal.

Lov om helse- og omsorgstenester i kommunen innfører krav om psykologtenester frå 2020.

Framtidig legetenester Aurland, Lærdal og Årdal.

Felles kommuneoverlege ver pådrivar utvikling av felles legetenester mellom Aurland og Lærdal.

Kompetansekrava som blir stilt til legar i kommunane, tvingar fram behov for større samarbeid om legetenestene. For å ha rettleiarkompetanse, i tillegg til å ha legar som stettar kompetansekrava i forskriftene, må kommunane rekne med at større legekontor er meir attraktive som arbeidsplass. På den måten kan vere lettare å rekruttere legar til distrikta. Målet er å redusere ressursbruk på sikt. Gjennom eit meir robust interkommunalt legeteneste kan reduksjonen skje m.o.t legeressurs og hjelperessursar.

Utviklingsområde/utfordringar komande år og dei næraste åra:

- Rekruttering innan helsesektoren
- Behalde kompetanse når vi først klarer å rekruttere dem.
- Samarbeid med nabokommunar mht større og meir robuste fagmiljø.
- Kompetansekrav i helsetenester
- Nye tenester lovpålagt frå 2020 - psykolog og ergoterapeut.
- Oppgaveoverføring fra spesialisthelsetjenesten til kommunene.
- Utskrivningsklare pasienter blir utskrivningsklare tidligere og tidligere.

NAV – reduksjon i ramma

Ramma til NAV er redusert med 0,3 mill. kroner. Dette baserer seg på tenesteininga sine resultat dei siste to åra. Reduksjonen er noko usikker, då det for tida er rekordlåg arbeidsledigheit og låge utbetalingar i sosialhjelp.

Utviklingsområde/utfordringar komande år og dei næraste åra:

- Utvikle felles teneste etter kommunelova, NAV Aurland og NAV Lærdal
- Nasjonale føringane til NAV er det vedteke eit tenesteområde i region Sogn på dei statlege ordningane. Føremålstenleg og på dei kommunale områda.

Pleie og omsorg – uendra ramme

Pleie og omsorg vart oppdelt frå 01.09.18, då eininga bu- og miljøtenester vart etablert. Frå 01.01.19 disponerer pleie og omsorg 49 årsverk og yter, med nokre unntak, tenester til eldre, 67+.

Merkantile ressursar, ressurs til utarbeiding/oppfølging av turnus og vikarinneleige blir inntil vidare gitt til den nye tenesteeininga frå pleie og omsorg. På sikt bør dette organiserast på ein annan måte.

Tenestene som ligg til pleie og omsorg i dag er tenester som helsehjelp i institusjon, behandling, rehabilitering, avlastning og langtidsopphald. Tenester i heimebasert omsorg er helsehjelp i heimen, praktisk bistand og opplæring, rehabilitering, matombringning, tryggleiksalarm og dagsenter for heimebuande demente.

Utviklingsområde/utfordringar komande år og dei næraste åra:

- Rekruttere og behalde kvalifisert personell med naudsynt kompetanse innanfor gitte økonomiske rammer
- Ta i bruk ny teknologi – velferdsteknologi
- Endringskompetanse/vilje - Endring er «tidens melodi»
- Personelltilgang
- Nyskaping
- Mobilisere frivilligheit
- Fleire bueiningar med heildøgns omsorgsteneste
- Nasjonalt program for eit aldersvennleg Norge
Stortingsmelding 15 2017-2018 Leve hele livet - kvalitetsreform for eldre peikar også på at kun å bygge ut dagens tenestetilbodet i takt med demografisk utvikling, truleg ikkje vil vere tilstrekkeleg for å møte dei nye eldregenerasjonane. Stortingsmeldinga inviterer difor dei eldre sjølv og befolkninga elles til å vere med på å skape eit meir aldersvennleg Norge. Programmet skal utfordre den eldre delen av befolkninga til sjølv å engasjere seg i planlegging av eigen alderdom og utforming av omgjevnader. Samstundes må helse og omsorgssektoren ilag med andre sektorar i kommunen,

også gjere sin del av planlegging og oppfølging for å skape aldersvennlege sjukeheimar, andre butilbod og tenester. Ein ser for seg gjennomføring i eit 5 års perspektiv frå 2019 og framover.

Bu- og miljøteneste – auke i ramma

Bu- og miljøtenester vart oppretta i september 2018, frå 2019 har eininga om lag 20 årsverk, og eige budsjett- og økonomiområde. Eininga leverer tenester til yngre menneske, opp til 67 år, med komplekse og samansette behov, uavhengig av bu-situasjon. Tenestene som ligg til eininga er omsorgstiltak i bemanna bustad, ambulante tenester til menneskjer som bur i eigen heim, avlastning, brukarstyrt personleg assistanse (BPA), omsorgsstønad og barnebustad. Støttekontaktenesta ligg og til eininga.

Auken i ramma skuldast grunnlagsendringar knytt til naudsynte tenester.

Ny organisering krev ny struktur. Skal ein nå målet om å skape ei berekraftig og sjølvstendig eining er det avgjerande at ein bygger og etablerer naudsynt struktur. Dette for å sikre faglege forsvarlege tenester.

I økonomiplanperioden bør kommunen opprette ein ressurs som handterer avdelingsleiaroppgåver. Ein slik funksjon vil få ansvar for turnusplanlegging og dagleg drift i bemanna bustader, samt koordinering i BPA- ordningane. Ressursen vil og drive sakshandsaming, kartlegging og saman med tenesteleiar tildele tenester.

Det er ikkje lagt inn auka ramme for dette, men må sjåast i samanheng med OU-prosjekt 2020-2021 og moglege omdisponeringar av ressursar.

Utviklingsområde/utfordringar komande år og dei næraste åra:

- Etablere berekraftig struktur og god ressursbruk i eininga
- Utvikle mål og strategiar og ta dei i bruk
- Bevare og skaffe naudsynt fagkompetanse og nok personale for å sikre forsvarleg og berekraftig drift
- Samarbeide med nabokommunar

Teknisk drift – uendra ramme

Drifta er berre justert for grunnlagsendringar i form av tilførte oppgåver og oppgåver overført til andre.

Investeringsprogram 2020-2023

Investeringsskjema for 2020-2023 bær preg av følgjande gjennomgåande prioriteringar:

- Gjennomføre pågåande prosjekt med eit særskild fokus på å møte veksten i Gudvangen og Flåm i høve offentleg infrastruktur.
- Bevaring av eksisterande funksjonar og reduserte driftskostnader går føre utviding av tenestetilbod og auka driftskostnader.
- Vente med tomteutbygging som følgje av store private utbyggingar av leilegheiter i bustadmarknaden.
- Tiltak med høg grad av ekstern finansiering prioriterast.
- Stabil gjennomføringsmengd per år av omsyn til god prosjektgjennomføring.
- Samla omfang tilpassa økonomiske måltal, der ein lyt ta høgde for store investeringar innan pleie- og omsorg i kommande planperiodar.

I det følgjande vert prioriterte investeringar omtalt i del 1, medan uprioriterte investeringar går fram i del 2.

1. Prioriterte investeringar

1.1 Oppvekst

1.1.1 Ny barnehage

Investeringsramme 49.5 MNOK. Påløpt 0.9 MNOK. Til bruk i planperioden 48.6 MNOK.

Barnehagane i kommunen er p.d.d. fulle, og Vangen barnehage er lite eigna som barnehagebygg. Plassering av ny barnehage er detaljregulert ved SJH, og planlegging av tiltaket pågår. Det skal etablerast ny barnehage med kapasitet mellom 54 og 81 born, samt etablering av ny infrastruktur. Ferdigstilling av tiltaket medfører avviking av barnehagedrift ved Vangen bhg.

1.2 Samferdsel

1.2.1 Turveg Heggviki – Bøen

Investeringsramme 32.9 MNOK. Påløpt 0.5 MNOK. Til bruk i planperioden 32.4 MNOK.

Ekstern finansiering 14.2 MNOK.

Etablering av 2.7 km turveg frå Heggviki til Bøen for samanhengande løysing for mjuke trafikantar langs E 16 mellom Aurland og Flåm. Løysinga baserast i stor grad på byggekonstruksjonar i bratt terreng. Grunnkjøp, prosjektering og marknadsføring vert gjennomført til og med 2020. Tiltaket er av samfunnsmessig stor betydning, sjølv om det ikkje inngår i kommunen sine kjerneoppgåver. Det vert difor lagt til grunn ein vesentleg ekstern finansiering for gjennomføring av tiltaket, i tillegg til at kommunen lyt avsetje midlar på kapitalfond for sin eigenandel. Gjennomføringstidspunkt for tiltaket kan verte justert avhengig av framdrift for ekstern finansiering. Prosjektet kan delast i parsellar, der første parsell frå Aurland er vesentleg rimelegare å gjennomføre.

1.2.2 Oppgradering kommunale bruer

Investeringsramme 3.5 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 3.5 MNOK.

I høve hovudinspeksjon av kommunale bruer utført i 2019 har kommunen 19 kommunale bruer som treng oppgradering. Gjennomgåande avvik er rekkverk.

1.2.3 Oppgradering Ryavegen og Flåmsdalsvegen

Investeringsramme 4.5 MNOK. Påløpt 1.7 MNOK. Til bruk i planperioden 2.8 MNOK. Ekstern finansiering 0.25 MNOK.

Tiltak på Ryavegen, samt masseutskifting Flåmsdalsvegen i samband med tilgjengelege massar ved tømning av E-Co sitt damanlegg. Utbetring av Leinagjelet og asfaltering i 2019. Ekstern finansiering ligg føre i 2019 frå E-Co.

1.2.4 Omlegging av tilkomstveg A-feltet

Investeringsramme 2.3 MNOK. Påløpt 0.7 MNOK. Til bruk i planperioden 1.6 MNOK.

Svingradius inn på den nederste brua til A-feltet ikkje i samsvar med Statens Vegvesen sine handbøker. Trafikkmengd tunge køyretøy, køyremønster og asfalttilhøve medfører djupe spor. Auka investeringsramme med 0.3 MNOK for etablering av betongasfalt på brua.

1.2.5 Gatelystreking Kleivi-Steinshølen

Investeringsramme 1.9 MNOK. Påløpt 1.4 MNOK. Til bruk i planperioden 0.6 MNOK.

Gatelystreking i Flåm ute av drift med mange feil på anlegget. Nye kabelgrøfter og gatelyst.

1.2.6 Opparbeiding av parkering Gudvangen

Investeringsramme 0.5 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 0.5 MNOK.

Gudvangen opplever stor vekst i reiselivet, og parkering er eit stort problem. Prosjektet er neste steg i utvidinga av offentleg infrastruktur i området. Kommunen må avsetje midlar til å etablere fleire offentlege parkeringsplassar.

1.2.7 Utskifting av traktor med hengar

Investeringsramme 2.3 MNOK. Nytt prosjekt. Til bruk i planperioden 2.3 MNOK.

Eksisterande traktor er over 10 år gammal, og vedlikehaldskostnadane er stigande. Traktor vert nytta til drift- og vedlikehald av kommunale vegar. Kjøp av traktor medfører utfasing av eksisterande traktor.

1.3 Vatn, avløp og renovasjon

1.3.1 Høgdebasseng Flåm

Investeringsramme 14.6 MNOK. Påløpt 0.1 MNOK. Til bruk i planperioden 14.5 MNOK. Ekstern finansiering 3.0 MNOK.

Som følgje av stor auke i forbruk av vatn i Flåm dei seinaste åra, har ikkje dagens anlegg lenger tilstrekkeleg kapasitet for vassforsyning om sommaren. Dette har medført ei avgrensing i sal av vatn til Aurland hamnevesen i 2019 til forsyning av cruiseskip.

1.3.2 Infiltrasjonsanlegg Gudvangen

Investeringsramme 5.1 MNOK. Påløpt 1.5 MNOK. Til bruk i planperioden 3.6 MNOK.

Etablering av infiltrasjonsanlegg for Gudvangen sentrum.

1.3.3 Vassbehandlingsanlegg - Flåm

Investeringsramme 2.5 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 2.5 MNOK.

Sikring av vassproduksjon og behandling i Flåm. Driftsproblem i 2019.

1.3.4 Leidningar Ryggjatun – Vangen

Investeringsramme 3.6 MNOK. Påløpt 1.2 MNOK. Til bruk i planperioden 2.4 MNOK. Ekstern finansiering 0.6 MNOK.

I høve avtale i samband med etablering av leilegheiter på Ryggjåtun. Opprinneleg avsett 1.2 MNOK i 2019. Investeringsramme auka med 2.4 MNOK som følgje av utviding av omfang og innhenta anbudsprisar. Ekstern finansiering frå utbyggjar.

1.3.5 Utskifting pumpestasjon Flåm

Investeringsramme 2.8 MNOK. Påløpt 1.8 MNOK. Til bruk i planperioden 1.0 MNOK.

Pumpestasjon ikkje lenger tilstrekkeleg kapasitet i høve veksten i forbruk i Flåm. Investeringsramma er auka med 1.0 MNOK som følgje av innhenta anbudsprisar, samt omfang som følgje av tilrettelegging for eventuelt mottak av avløp frå båttrafikk. Pumpestasjon innkjøpt i 2019 og arbeidet vert gjennomført i 2020.

1.3.6 Omlegging VA Orøyane

Investeringsramme 1.85 MNOK. Påløpt 0.85 MNOK. Til bruk i planperioden 1.0 MNOK.

Tilrettelegging for etablering av Fretheimshaugane del II. Investeringsramme auka med 1.0 MNOK for kryssing av Flåmsbana.

1.3.7 Teknisk bygg Gudvangen

Investeringsramme 2.3 MNOK. Påløpt 1.7 MNOK. Til bruk i planperioden 0.6 MNOK.

Styringsrom for vassverk i Gudvangen.

Sjå prosjekt Toalett / kontor Gudvangen for del av prosjektet som fell utanfor vatn- og avløpsområdet.

1.3.8 Hovudplan VA

Investeringsramme 0.5 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 0.5 MNOK.

Hovudplan på vatn- og avløp er ikkje revidert sidan 2013.

1.3.9 Vatn og avløp Bakka

Investeringsramme 3.2 MNOK. Påløpt 2.9 MNOK. Til bruk i planperioden 0.3 MNOK.

Gjennomføring av testing av brønn og etablering av kommunikasjon. Ferdigstilling av etablert anlegg.

1.3.10 Overvassleidning Hopen – Ny barnehage

Investeringsramme 3.1 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 3.1 MNOK.

Overvassleidning og omlegging av hovudvassleidning og spillvassleidning, samt etablering av tilkoplingspunkt for ny barnehage. Tilknytning av ABU sitt overvassanlegg.

1.3.11 Høgdebasseng og borebrønn Gudvangen

Investeringsramme 3.0 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 3.0 MNOK.

Auke av kapasitet i samsvar med auka forbruk i Gudvangen sentrum. Etablering av eit nytt høgdebasseng ved sidan av eksisterande. Behandlingsanlegg for UV.

1.3.12 Renseanlegg Flåm sentrum

Investeringsramme 3.3 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 3.3 MNOK.

Ny slamavskiljar Flåm sentrum. Auka kapasitet tilpassa auka personekvivalentar på kommunale tankar. Lyt samordnast med eventuelt mottak av avløp og etterrensing frå båttrafikk, som eventuelt vert eit eige prosjekt utanfor sjølvkostområdet (energi- og miljøsats).

1.3.13 Høgdebassen utbygdi (i samband med Ty)

Investeringsramme 2.5 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 2.5 MNOK.

Utskifting av høgdebasseng i Høydalen med for liten kapasitet og ikkje tilfredsstillande utførsle.

1.4 Kultur

1.4.1 Ny inngang – trimrommet

Investeringsramme 0.3 MNOK. Ny.

Tiltaket utløyser mogelegheit for etablering av nøkkelkortordning for bruk av trimrommet. Medfører auka bruk av trimrommet og reduserte driftskostnader.

1.5 Bustadpolitisk

1.5.1 Rassikring Nedre Brekke i Flåm

Investeringsramme 5.6 MNOK. Påløpt 1.6 MNOK. Til bruk i planperioden 4.0 MNOK.

Rassikring av bustader i Flåm sentrum med sannsyn for skred høgare enn tillete intervall der kommunen har gjeve byggjeløyve i nyare tid. Ferdig prosjektert og anbudsgrunnlag utarbeidd i 2019.

1.5.2 Overtaking Ytstebøen bustadfelt

Investeringsramme 6.6 MNOK. Påløpt 4.3 MNOK. Til bruk i planperioden 2.3 MNOK. Ekstern finansiering 0.9 MNOK.

Etablering av sikring, offentleg infrastruktur jf. vedtak i kommunestyret. Ekstern finansiering frå tomteeigarane i bustadfeltet.

1.5.3 Rassikring – Fiskhammar – veg

Investeringsramme 0.3 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 0.3 MNOK.

Etter avtale om rassikring skal kommune etablere tilkomst for traktor gjennom byggjefeltet.

1.5.4 Opparbeiding Ty – grunnkjøp

Investeringsramme 1.3 MNOK. Påløpt 0.3 MNOK. Til bruk i planperioden 1.0 MNOK.

Kostnader ved erverv av grunn for gjennomføring av reguleringsplan for tilkomst til nedre del av Ty bustadfelt.

1.5.5 Opparbeiding Ty

Investeringsramme 12.5 MNOK. Påløpt 1.0 MNOK. Til bruk i planperioden 11.5 MNOK. Ekstern finansiering 8.5 MNOK.

Samling av tidlegare prosjekt for Delområde Øvre Ty og opparbeiding Ty. Leikeplass etablert. Gjennomføring av resten av prosjektet er forskyvd til slutten av planperioden som følge av høg byggjeaktivitet i den private marknaden for leilegheiter i Aurland dei neste åra. Føreset ekstern finansiering ved sal av tomter til 8.5 MNOK.

1.6 Interne fellesfunksjonar

1.6.1 IKT – investeringar

Investeringsramme 0.8 MNOK/år

Løpande IKT- investeringar på 0.8 MNOK per år.

1.6.2 Eigenkapitalinnskot KLP

Investeringsramme 0.8 MNOK/år

Løpande innskot av eigenkapital i KLP.

1.6.3 Inngangsparti Rådhuset

Investeringsramme 0.3 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 0.3 MNOK.

Utslitte inngangsdører med dårleg løysing. Skifte til skyvedører tilrettelagt for universell utforming.

1.6.4 Adgangskontroll Rådhuset

Investeringsramme 0.25 MNOK. Påløpt 0.15 MNOK. Til bruk i planperioden 0.1 MNOK.

Adgangskontroll på fire dører på Rådhuset og automatisert sentralbordteneste, samt ombygging av kopirom til kontor. Tiltaket medfører effektivisering av administrasjon.

1.7 Andre investeringar

1.7.1 ENØK tiltak

Investeringsramme 4.0 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 4.0 MNOK.

Kommune forbruker straum for 5.0 MNOK per år, og er berre i liten grad tilpassa dagens løysingar for energieffektivisering. Driftskostnadane kan reduserast tilsvarande 10% av investeringskostnaden per år for desse tiltaka.

1.7.2 Breidbandutbygging

Investeringsramme 9.3 MNOK. Påløpt 7.4 MNOK. Til bruk i planperioden 1.9 MNOK.

Breidbandutbygging har pågått heilt tilbake frå 2003. Som siste punkt står Bjørge/Bakka i 2020, Lialandet-Kvitt-Bøen 2021 og Skjerdal 2022. For Bjørge og Bakka ligg det føre tilsagn på midlar for medfinansiering. Budsjettert beløp er kommunen sin del.

1.7.3 Toalett / kontor Gudvangen

Investeringsramme 1.3 MNOK. Påløpt 0.8 MNOK. Til bruk i planperioden 0.5 MNOK.

Andel av investering i teknisk bygg i Gudvangen til bruk som toalett og kontor.

1.7.4 Uteområde Furuly

Investeringsramme 0.25 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 0.25 MNOK.

Etter etableringa av Furuly i 2017 gjenstår mindre arbeider med uteområda. Etablering av gjerder og reiskapsbod.

1.7.5 Sprekker Vangen kyrkje

Investeringsramme 0.4 MNOK. Ny. Til bruk i planperioden 0.4 MNOK.

Utbetring av sprekkskader på Vangen kyrkje.

2. Investeringar som ikkje er prioritert i planperioden

2.1 Helse og omsorg

2.1.1 Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg

Investeringsramme 126.0 MNOK. Påløpt 1.0 MNOK. Ekstern finansiering 25.0 MNOK frå Husbanken.

Tiltak i samsvar med forprosjekt. I prosjektet ligg det til grunn sanering av eksisterande eldre bygningsmasse, utviding av tal sjukeheimsplassar og ny demensavdeling på helsetunet, felles administrasjon, garasjeanlegg og ti nye omsorgsbustader. Tiltaket er ikkje prioritert i inneverande periode som følgje av både økonomiske konsekvensar og at behovet ligg fram i tid. Sjå eiga sak.

2.2 Oppvekst

Ingen.

2.3 Samferdsel

2.3.1 Kjøp av lastebil

Investeringsramme 1.6 MNOK. Ny.

Til bruk i drift- og vedlikehald av kommunale vegar.

2.3.2 Snuplass-parkering Undredal «Pottetof»

Investeringsramme 3.8 MNOK. Ny.

Regulert tiltak i høve gjeldande reguleringsplan vedteken i 2019. Forutan prekære tiltak i Gudvangen for parkering, avventar andre tiltak prioritering og finansiering i samband prosjektet Aurland trafikk og parkering. I forprosjektet er Gudvangen og Flåm førsteprioritet.

2.3.3 Parkering Bakka – Tufto

Investeringsramme 1.4 MNOK. Ny.

Regulert tiltak i høve gjeldande reguleringsplan. Forutan prekære tiltak i Gudvangen for parkering, avventar andre tiltak prioritering og finansiering i samband prosjektet Aurland trafikk og parkering. I forprosjektet er Gudvangen og Flåm førsteprioritet.

2.3.4 Gatetun – trafikktiltak Undredal sentrum

Investeringsramme 2.1 MNOK. Ny.

Skilting, dekke og fartsdemparar mv. i samsvar med gjeldande reguleringsplan vedteken i 2019.

2.3.5 Tursti Flåm skule – Brekkehagen

Investeringsramme 1.4 MNOK. Ny.

Regulert tiltak i høve gjeldande reguleringsplan. Tursti som sikrar sikker skuleveg for mjuke trafikantar mellom Flåm skule og Brekkehagen over dyrka mark. Nokre utfordringar i høve skredfare.

2.4 Vatn, avløp og renovasjon

2.4.1 VA Tjødni – Brekkefossen

Investeringsramme 3.5 MNOK. Ny.

Tilfredsstillande vassforsyning mot Flåmsdalen. Per i dag mellombels forsyning via trykkaukeestasjon på Flåm skule.

2.4.2 Høgdebasseng Midje kt. 130 VA Langebekkøyne

Investeringsramme 5.0 MNOK. Ny.

Per dato tre separate hydroforanlegg som driftar byggefelt og industriområde i Vassbygdi. Etablering stettar krava til 24 timars kapasitet på vassforsyning, og gir eitt vassuttak.

2.4.3 VA - Utviding av Veim bustadfelt

Investeringsramme 6.9 MNOK. Ny.

Ledningsnett frå Langevekkøyna til basseng på Midje. Utløyser vassforsyning til resterande regulerte tomter på Veim.

2.4.4 VA Aurlandsvungen

Investeringsramme 2.1 MNOK. Ny.

Eldre leidningsnett som treng utskifting/rehabilitering på Vungen.

2.5 Kultur

2.5.1 Kunstgrasbane

Investeringsramme 9.3 MNOK. Påløpt 0.1 MNOK. Ekstern finansiering 2.0 MNOK. I 2019 gjennomført noko arbeid i arbeidsgruppe for kunstgrasbane. Regelverk for kunstgrasbaner er i endring av omsyn til miljø, samstundes som finansieringsordninga er redusert. Tiltaket er difor ikkje prioritert i planperioden.

2.6 Bustadpolitisk

2.6.1 Smiebakken

Investeringsramme 9.8 MNOK. Ny. Ekstern finansiering. Regulert område tidlegare erverva av kommunen. Bør vurderast ny regulering før gjennomføring. Ekstern finansiering ved sal av tomter.

2.7 Interne fellesfunksjonar

Ingen.

2.8 Andre investeringar

2.8.1 Heving av kyrkjegard Aurland

Investeringsramme 0.4 MNOK. Ny.

Heving av kyrkjegard i Aurland for å få bukt med problem med overflatevatn.

2.8.2 Garasje og tilkomst – Ryggjakyrkja 4

Investeringsramme ukjent. Ny.

Utleigebustadane i Ryggjakyrkja 4 har ein svært bratt tilkomst, i tillegg til eit garasjebygg som treng utbetring grunna råteskader.

2.8.3 Naustpynten – Nærmiljøanlegg Neset

Investeringsramme ukjent. Ny.

I høve innspel frå interessegruppa for friområdet Neset. Ikkje prioritert i planperioden.

2.8.4 Permanent toalettbygg – Flåm

Investeringsramme 1.0 MNOK. Ny.

Mellombels toalettanlegg er ført opp i Flåm etter brannen i 2019. Permanent toalett krev regulering og prioritet.

INVESTERINGAR 2020-2023					
ÅR	Sum				
Tiltak	2020-2023	2 020	2 021	2 022	2 023
Helse og omsorg	-				-
Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg	45 000	5 000	20 000	20 000	-
Delsum helse og omsorg	45 000	5 000	20 000	20 000	-
Oppvekst	-				-
Barnehage	47 000	10 000	37 000	-	-
Delsum oppvekst	47 000	10 000	37 000	-	-
Samferdsel	-				-
Turveg Heggviki - Bøen	5 200	2 000	3 200	-	-
Oppgradering kommunale bruer	1 600	1 600	-	-	-
Oppgradering Ryavegen og Flåmsdalsvegen	2 800	2 800	-	-	-
Omlagging av tilkomstveg A-feltet	1 600	1 600	-	-	-
Opparbeiding av parkering Gudvangen	500	500	-	-	-
Gatelys Kleivi-Steinshølen	500	500	-	-	-
Parkering Bakka- Tufto	500	-	500	-	-
Tursti Flåm skule - Brekkehagen	1 400	1 400	-	-	-
Delsum samferdsel	14 100	10 400	3 700	-	-
Vatn, avløp og renovasjon	-				-
Høgdebasseng Flåm (Fretheimshaugane)	7 500	7 500	-	-	-
Infiltrasjonsanlegg Gudvangen	3 600	3 600	-	-	-
Vannbehandlingsanlegg - Flåm	2 500	2 500	-	-	-
Ledningar Ryggjåtun-Vangen	2 400	2 400	-	-	-
Utskifting pumpestasjon A-feltet	1 000	1 000	-	-	-
Omlagging VA Orøyane	1 000	1 000	-	-	-
Teknisk bygg Gudvangen	600	600	-	-	-
Hovedplan VA	500	500	-	-	-
Vatn og avløp Bakka	300	300	-	-	-
Overassleiding Hopen - Ny bamehage SJH	3 100	-	3 100	-	-
Høgdebasseng og borebrønn Gudvangen	3 000	-	1 800	1 200	-
Renseanlegg Flåm sentrum	3 300	-	-	3 300	-
Høgdebasseng Utbygd (i samband med Ty)	2 500	-	-	-	2 500
Delsum vatn, avløp og renovasjon	31 300	19 400	4 900	4 500	2 500
Kultur					
Ny inngang - trimrommet	300	300	-	-	-
Nærmiljøanlegg/lekeplassar	1 500	1 500	-	-	-
Delsum kultur	1 800	1 800	-	-	-
Bustadpolitisk					
Rassikring Nedre Brekke Flåm	5 200	5 200	-	-	-
Overtaking Ystebøen bustadfelt	2 300	2 300	-	-	-
Opparbeiding av Fretheimshaugane del 2	-	-	-	-	-
Rassikring - Fiskhammar - veg	300	300	-	-	-
Opparbeiding Ty - grunnkjøp	1 000	1 000	-	-	-
Opparbeiding Ty	11 500	-	-	3 100	8 400
Smiebakken	-	-	-	-	-
Delsum bustadpolitisk	20 300	8 800	-	3 100	8 400
Interne fellestjenester					
IKT - investeringar	3 200	800	800	800	800
Eigenkapitalinnskott KLP	3 200	800	800	800	800
Inngangsparti Rådhuset	300	300	-	-	-
Adgangskontroll rådhuset	100	100	-	-	-
Delsum interne fellestjenester	6 800	2 000	1 600	1 600	1 600
Andre investeringar					
ENØK tiltak	4 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Breibandutbygging	1 900	1 000	600	300	-
Toalett / kontor Gudvangen	500	500	-	-	-
Uteområde Furuly	250	250	-	-	-
Sprekkdannelsar Vangen kyrkje	400	-	400	-	-
Delsum andre investeringar	7 050	2 750	2 000	1 300	1 000
Sum tiltak:	173 350	60 150	69 200	30 500	13 500
FINANSIERING:					
ÅR	Sum	2 020	2 021	2 022	2 023
Tiltak	tiltak 2020-2023				
Mva refusjon	- 25 600	- 7 300	- 11 600	- 4 700	- 2 000
Sal av Bakka skule	-	-	-	-	-
Sal av Undredal skule	-	-	-	-	-
Sal av Skjerping skule	-	-	-	-	-
Refusjon - Ystebøen bustadfelt	- 900	- 900	-	-	-
Refusjon VA Leidnigar Ryggjåtun - Vangen	- 600	- 600	-	-	-
Sal av Fretheimshaugane del 2	- 2 000	- 2 000	-	-	-
Sal av tomter Ty	- 8 500	-	-	-	- 8 500
Tilskot - husbanken - Bygningsmessige tiltak Pleie og omsorg	-	-	-	-	-
Tilskot - trafiktryggingmidlar	-	-	-	-	-
Tilskot Husbanken bygn.messige tiltak pleie og omsorg	- 9 000	- 1 000	- 4 000	- 4 000	-
Tilskot VA - Høgdebasseng Flåm	- 3 000	- 1 000	- 2 000	-	-
Refusjon anleggsbidrag - Vassbygdi industribygg	-	-	-	-	-
Tilskot spelemidlar kunstgrasbane	-	-	-	-	-
Tilskot spelemidlar symjehall	-	-	-	-	-
Spelemidlar/tilskot turveg Brekkefossen	-	-	-	-	-
Tilskot Gangveg Heggviki - Bøen	- 640	-	- 640	-	-
Tilskot breibandutbygging	-	-	-	-	-
Bruk av lån	- 66 150	- 17 950	- 36 140	- 12 060	-
Bruk av lån VA	- 27 700	- 17 800	- 2 900	- 4 500	- 2 500
Bruk av kapitalfond - Gangveg Heggviki Bøen	- 3 520	- 1 600	- 1 920	-	-
Konsesjonsavgiftsfondet	- 25 740	- 10 000	- 10 000	- 5 240	- 500
Sum finansiering	- 173 350	- 60 150	- 69 200	- 30 500	- 13 500

Kommunale selvkostgebyr – budsjett 2020

Aurland kommune beregner kommunale gebyrer i tråd med Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalings-tjenester (H-3/14, KMD, februar 2014).

Selvkost innebærer at ekstrakostnadene som kommunen påføres ved å produsere en bestemt tjeneste skal dekkes av gebyrene som brukerne av tjenestene betaler. Kommunen har ikke anledning til å tjene penger på tjenestene.

En annen sentral begrensning i kommunens handlingsrom er at overskudd fra det enkelte år skal tilbakeføres til abonnentene eller brukerne i form av lavere gebyrer innen de neste fem årene.

Dette betyr at hvis kommunen har bokført et overskudd som er eldre enn fire år, må dette brukes til å redusere gebyrene i det kommende budsjettåret. Eksempelvis må et overskudd som stammer fra 2015 i sin helhet være disponert innen 2020.

Utfordringer med selvkostbudsjettet


Det er en rekke faktorer som påvirker selvkostresultatet og som ligger utenfor kommunens kontroll. De viktigste faktorene er budsjettårets forventede kalkylerente (5-årig SWAP-rente + 1/2 %-poeng), kapasitetsbegrensninger ved gjennomføring av planlagte prosjekter, samt usikre utgifter og inntekter. I sum fører dette til at det er utfordrende å treffe med budsjettet.

Generelle forutsetninger

Kalkylerenten er for 2020 anslått å bli 2,01 %. Budsjettet er utarbeidet den 1. oktober 2019. Tallene for 2018 viser endelig etterkalkyle, tallene for 2019 er prognostiserte verdier, mens tallene for 2020 til 2023 er budsjett-/økonomiplan. Ved behov for ytterligere grunnlagstall og beregningsmetoder henvises det til kommunens selvkostmodell Momentum Selvkost Kommune.

Gebyrutvikling for vann, avløp og feiling

Fra 2019 til 2020 foreslås en samlet gebyrøkning på rundt 2 %, hvor feiling øker mest med 31 %. I perioden 2018 til 2023 øker samlet gebyr med kr 3 828, fra kr 8 378 i 2018 til kr 12 205 i 2023. Dette tilsvarer en gjennomsnittlig årlig gebyrøkning på 8 %. Gebyrseksemplene for vann og avløp er basert på et årlig vannforbruk på 200 kubikkmeter. Gebyrsatsene er inkl. mva.



Endring i årsgebyr fra året før	2020	2021	2022	2023
Vann	0,0 %	0,0 %	4,0 %	8,7 %
Avløp	0,0 %	22,4 %	3,3 %	0,6 %
Feiling	31,4 %	2,3 %	2,4 %	2,4 %
Samlet endring	1,7 %	10,3 %	3,5 %	4,3 %

Aurland kommune benytter selvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune til for- og etterkalkulasjon av kommunale gebyrer. Modellen benyttes for tiden av flere enn 300 norske kommuner og selskap.

Forslaget til gebyrsatser for 2020 er utarbeidet av Aurland kommune i samarbeid med EnviDan AS som har mer enn 15 års erfaring med selvkostberegninger og -rådgivning og bred erfaring rundt alle problemstillinger knyttet til selvkost.

Budsjett konsesjonsavgiftsfondet 2020 – vedteke 12.12.19

Saldo 31.12.2018 (prognose)	12 113 885
Bruk i drift 2019	-10 000 000
Bruk i investering 2019	-9 100 000
Konsesjonsavgift 2019	16 200 000
Renter og avdrag 2019	500 000
Saldo 31.12.2019 (prognose)	9 713 385
Saldo 31.12.19	9 713 385
Konsesjonsavgift	16 200 000
Plansaksbehandling	-2 000 000
Næringsarbeid	-1 586 644
Konsulentutgifter	-375 000
Advokattenester	-200 000
Informasjonstenester	-230 000
Kontingentar	-330 000
Tilskot	-4 560 000
Mogleg utlån	-500 000
Prosjekt og tilskot handsama av teknisk eining	-950 000
Budsjettert bruk i investering 2020	-10 000 000
Teoretisk saldo 31.12.2020	5 181 741

Budsjettskjema 1A – drift - vedteke

DRIFTSOVERSIKT	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Rekneskap 2018
Budsjettskjema 1A - drift			
Skatt på inntekt og formue	55 685 000	53 400 000	54 509 385
Ordinært rammetilskudd	41 891 000	40 100 000	37 928 000
Eigedomsskatt	49 000 000	39 000 000	44 026 166
Andre direkte eller indirekte skatter	46 200 000	46 200 000	46 332 701
Andre generelle statstilskudd	800 000	3 800 000	6 542 410
Sum frie disponible inntekter	193 576 000	182 500 000	189 338 662
Renteinntekter og utbytte	9 000 000	4 900 000	10 383 509
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)			
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	3 400 000	2 700 000	2 841 257
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)			
Netto avdragsutgifter	9 800 000	7 800 000	7 443 894
Netto finansinnt./utg.	-4 200 000	-5 600 000	98 358
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk		3 558 000	
Til ubundne avsetninger	9 137 000	19 000 000	21 168 228
Til bundne avsetninger	17 852 000		20 756 064
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk			1 059 767
Bruk av ubundne avsetninger			
Bruk av bundne avsetninger		-	200 000
Netto avsetninger	26 989 000	22 558 000	40 664 525
Overført til investeringsbudsjettet	-	160 000	160
Til fordeling drift	163 839 000	154 182 000	149 093 531
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	163 839 000	154 182 000	138 404 071
Mindreforbruk	-	-	10 689 460

Budsjettskjema 1B (Driftsoversikt) vedteke

	Budsjettskjema 1 B	Rekneskap	Endra	Budsjett
	(DRIFTSOVERSIKT)	2018	budsjett 2019	2020
100	POLITISKE ORGAN	3 069 262	3 188 000	2 988 000
110	RÅDMANNSFUNKSJON	8 106 594	20 034 000	22 129 000
120	KULTUR	4 640 424	4 995 000	4 995 000
210	ABV	19 639 052	19 429 000	18 879 000
221	FLÅM BARNEHAGE	3 596 259	4 560 000	4 560 000
222	VANGEN BARNEHAGE	5 745 629	6 310 000	7 810 000
230	FLÅM SKULE	6 082 506	6 396 000	6 046 000
300	HELSE OG FØREBYGGJING	13 315 006	14 594 000	15 094 000
301	NAV	1 834 576	2 314 000	2 000 000
302	BARNEVERN	3 018 684	3 203 000	2 703 000
310	PLEIE OG OMSORG	55 113 732	37 037 000	37 037 000
311	BU OG MILJØTENESTER	-	19 584 000	21 835 000
500	TEKNISK	23 766 037	24 103 000	24 263 000
900	NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFTER	12 144 514	1 235 000	-
	SUM TENESTEININGANE	160 072 275	166 982 000	170 339 000
910	KONSESJONSKRAFT (kjøp/sal)	-10 978 743	-8 000 000	-10 000 000
	AVSETT TIL LØNSOPPGJER	-	-	3 500 000
	TOTALT FORDELT TIL DRIFT	149 093 532	158 982 000	163 839 000
	Fordelt til drift (frå skjema 1A)	138 404 071	158 982 000	163 839 000
	Mindreforbruk	10 689 461	-	-

Budsjettskjema 2A – investering - vedteke

INVESTERINGSBUDSJETT 2020			
Budsjettskjema 2A - investering	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Investeringer i anleggsmidler	77 032 283	71 403 000	59 350 000
Utlån og forskutteringer	0		
Kjøp av aksjar og andeler	820 783	820 000	800 000
Avdrag på lån	609 821		
Dekning av tidlegare års underskot	8 178 435	8 178 435	
Avsetninger			
Årets finansieringsbehov	86 641 322	80 401 435	60 150 000
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	24 841 436	24 841 435	36 650 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	40 775		2 000 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	13 496 014	12 000 000	7 400 000
Tilskudd til investeringer	19 346 030	0	1 600 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjoner		17 300 000	900 000
Andre inntekter			
Sum ekstern finansiering	57 724 255	54 141 435	48 550 000
Overført fra driftsbudsjettet	160 000	160 000	
Bruk av avsetninger	28 757 068	26 100 000	11 600 000
Sum finansiering	86 641 323	80 401 435	60 150 000
Udekket/udisponert	-1	0	0

Budsjettskjema 2B - investeringar 2020 - vedteke

	INVESTERINGAR 2020	
	(skjema 2 b)	
	Pleie og omsorg	5 000
	Barnehage	10 000
	Turveg Heggviki - Bøen	2 000
	Tursti Flåm skule - Brekkehagen	1 400
	Oppgradering kommunale bruer	1 600
	Oppgradering Ryavegen og Flåmsdalsvegen	2 800
	Omlegging av tilkomstveg A-feltet	1 600
	Opparbeiding av parkering Gudvangen	500
	Gatelys Kleivi-Steinshølen	500
	Høgdebasseng Flåm (Fretheimshaugane)	7 500
	Infiltrasjonsanlegg Gudvangen	3 600
	Vannbehandlingsanlegg - Flåm	2 500
	Ledningar Ryggjatun-Vangen	2 400
	Utskifting pumpestasjon A-feltet	1 000
	Omlegging VA Orøyane	1 000
	Teknisk bygg Gudvangen	600
	Hovedplan VA	500
	Vatn og avløp Bakka	300
	Ny inngang - trimrommet	300
	Nærmiljøtiltak	1 500
	Rassikring Nedre Brekke Flåm	5 200
	Overtaking Ytstebøen bustadfelt	2 300
	Rassikring - Fiskhammar - veg	300
	Opparbeiding Ty - grunnkjøp	1 000
	IKT - investeringar	800
	Eigenkapitalinnskott KLP	800
	Inngangsparti Rådhuset	300
	Adgangskontroll rådhuset	100
	ENØK tiltak	1 000
	Breibandutbyggjing	1 000
	Toalett / kontor Gudvangen	500
	Uteområde Furuly	250
	Sum tiltak:	60 150